HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for helse og omsorg
Møtestad: Herøy omsorgssenter
Dato: 08.05.2019
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 02.05.2019

Bjørn Otterlei
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 14/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 15/19	Protokoll frå førre møte
PS 16/19	Referatsaker
PS 17/19	Prosjektet felles Helseplattform
PS 18/19	Kommunedelplan for helse og omsorg - slutthandsaming
	Referatsaker
RS 12/19	Planforslag til avgrensa høyring/offentleg ettersyn: Reguleringsendring for Bergshaugen nord, gnr. 28, bnr. 6 m. fl.
RS 13/19	Varsel om oppstart av reguleringsarbeid: Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn-Nørvågen
RS 14/19	Forslag til reguleringsplan for massedeponi i Sandvika gnr. 59 bnr. 1. Høyring/offentleg ettersyn.
RS 15/19	Privat planforslag for tre rorbuer på Budaneset, Leikong. Høyring/offentleg ettersyn.
RS 16/19	Årsmelding 2018 Pasient- og brukerombudet i Møre og Romsdal
RS 17/19	Signert samarbeidsavtale om ACT
RS 18/19	F-sak 202/18 Særutskrift Utlegging til offentleg ettersyn. Leite fritidsområde.

Orientering om heiltidskultur i starten av møtet v/ avdelingsleiar Siv Jensen.

PS 14/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 15/19 Protokoll frå førre møte

PS 16/19 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr: Arkiv:	2016/244 064

Utvalsaksnr	**Utval**	**Møtedato**
17/19	Komite for helse og omsorg	08.05.2019
69/19	Formannskapet	30.04.2019
	Kommunestyret	09.05.2019

PROSJEKTET FELLES HELSEPLATTFORM

Tilråding:

1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.

2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvingsprogram.

Bakgrunn og motivasjon for prosjektet

I følge St. melding 9, *Én innbygger – én journal (2012-2013)* Har regjeringa som mål at helsepersonell raskt og effektivt skal få tilgang til nødvendige pasientopplysningar og at all skriftleg informasjonsutveksling skal skje elektronisk. Dei seier at tilgang til relevant informasjon er nødvendig for at helsepersonell raskt kan danne seg eit heilheitleg bilete av pasient eller bruker og på den måten og ha eit godt grunnlag for å velje riktig utreiing eller behandling. Dette bidrar også til at pasientar og brukarar, så langt det er mogleg, slepp å gjenta det same opplysningane kvar gong dei oppsøker helse- og omsorgstenesta.

For å oppnå dette ynskjer regjeringa å modernisere IKT-plattformen og arbeide mot ein felles nasjonal løysning som inkluderer hele helse- og omsorgssektoren. For å kunne anbefale tiltak foreslår regjeringa at det startast eit arbeid for å utrede alternative løysingar. Regjeringas hovudmål er «én innbygger – én journal».

Direktoratet for e-helse anbefaler ein felles journal- og samhandlingsløsning for kommunene. Løysinga vil gi innbyggar ein meir heilhetleg helsetjeneste og helsepersonell i kommunene et bedre arbeidsverktøy Kommunane har eit stort behov for betre journalløsningar og enklare samhandling med andre aktørar i helse- og omsorgssektoren. IKT-systema i kommunane er silobaserte og i hovudsak avgrensa til kvar einskilde verksomheit. Dermed delast ikkje helseinformasjon om innbyggar mellom dei ulike delane av helsetenesta.

Behovet for betre løysingar i kommunane vil bli forsterka dei neste årane på grunn av ein aukande antal eldre og meir samansatte sjukdommer hos innbyggane. Dette førar til auka behov for helsetenester. I tillegg vil fleire oppgåver som i dag utførast i spesialisthelsetenesta flyttast til primærhelsetenesta. Totalt sett stiller dette høge krav til digital samhandling både internt i kommunane, med spesialisthelsetenesta og med innbyggjar.

Politiske mål om ein koordinert og samanhengende helsetaeneste vil ikkje kunne oppfyllast utan ein meir heilheitleg og koordinert utvikling av fremtida sine IKT-løysningar. For å ivareta pasientsikkerheita og å kunne tilby heilheitlege tenestar er det difor behov for ein samordna nasjonal forbetring av kvaliteten på journalløysningar i kommunal helse- og omsorgsteneste.

I granavolden-plattformen 17. januar 2019, seier regjeringen at;

«Digitalisering og bruk av nye e-helseløysingar er ein føresetnad for å skape helse- og omsorgstenesta for pasienten og gjere tenesta berekraftig for framtida. Difor vil regjeringa realisere «Éin innbyggjar – éin journal» og digital helseteneste for pasientane. Digitale løysingar og ny teknologi må gå frå pilotstadiet til å bli den nye måten å jobbe på. Bruk av nasjonale e-helseløysingar må vere ein del av sørgje-for-ansvaret til helse- og omsorgstenesta.»

Våren 2016 fekk Helse Midt-Norge RHF i oppdrag å vere eit regionalt utprøvingsprogram for det anbefalte nasjonale målbilde, og eit mogleg startpunkt for ein felles nasjonal løysing for kommunal helse- og omsorgstenester. Gjennom programmet Helseplattformen planlegger Helse Midt-Norge RHF å etablere ein regional journalløysing i samarbeid med kommunane og sjølvstendige næringsdrivende avtaleparter i Midt-Norge. Helseplattformen som eit mogleg startpunkt, inneberer å bygge vidare på deira konkurransegrunnlag i ein eventuell

seinare nasjonal anskaffing, inkludert å vidareføre forankrande beslutningar som blir tatt innan områder som er sentrale for å styrke samhandlinga på tvers av verksemd og ulike IKT-løysingar. Kontrakten som inngås og løysinga som anskaffast i Helseplattformen kan imidlertid ikkje nyttast av verksemd utan for Midt-Norge.

Hausten 2016 fekk Direktoratet for e-helse i oppdrag å etablere et samarbeid med Helseplattformen og å utarbeide eit beslutningsunderlag for innføring av en nasjonal løysing for kommunal helse- og omsorgsteneste. Oppdraget om å utarbeide et beslutningsunderlag for en nasjonal kommunal løysing ble bekrefta i tildelingsbrevet for 2017. I tillegg fikk Direktoratet for e-helse i oppdrag å utarbeide et veikart for den samlande gjennomføringa av arbeidet med én innbygger – én journal.

Direktoratet for e-helse anbefaler at Én innbygger – én journal realiseres gjennom tre strategiske og parallelle tiltak:

1. Etablering av Helseplattformen i region Midt-Norge
2. Vidareutvikling av eksisterande løysningar i spesialisthelsetenesta i Helse Nord, Helse Vest og Helse Sør-Øst
3. Etablering av en nasjonal løysning for kommunal helse- og omsorgstenesta for kommunane utenfor Midt-Norge.

Helseplattformen
Programmet Helseplattformen (www.helseplattformen.no) skal anskaffe og innføre ny pasientjournal ved sjukehus, kommunar, fastlegar og private spesialistar i Midt-Norge. Helse Midt-Norge og Trondheim kommune er hovudaktørar i anskaffelsen, og alle kommunane i Møre og Romsdal og Trøndelag er med via opsjonsavtalar. Helseplattformen er også ein regional pilot for den nasjonale målsetjinga «Én innbygger – én journal». Det er berre i Midt-Norge at ein får det same systemet både i spesialist- og primærhelsetenesta (sjå referanse 1: Konseptutvalgutredning frå Direktoratet for e-helse, side 10 og 11). Signering av kontrakt med vald leverandør, Epic, er planlagd april 2019.



Helseplattformen skal legge til rette for pasientane sine ønskje om tilgang til eigne helseopplysningar, betre informasjon om diagnose, meir involvering i eiga

behandling, tettare dialog med helsetenesta og ei helseteneste som vert opplevd som samanhengande mellom alle aktørane i tenesta. Dei tilsette både i primær- og spesialisthelsetenesta ønskjer delt informasjon om pasientane, samanhengande og standardiserte pasientforløp, beslutningsstøtte, samhandlingsverktøy og ein strukturert journal. Kommunane har behov for betre verktøy for å arbeide førebyggande og betre analyseverktøy for styring og folkehelsearbeid. Desse måla kan ein nå dersom det vert innført eit digitalt samhandlingsverktøy både på sjukehus, i kommunane, hos fastlegane og med gode innbyggartenester. Helseplattformen er eit slikt samhandlingsverktøy.

Før Helseplattformen kan innførast må det gjerast eit større arbeid i alle kommunar. Dette arbeidet omfattar analyse av arbeidsprosessar, og førebuing av organisasjonen på innføring av ny arbeidsflyt og nye måtar å jobbe på. Dette krev mellom anna eit kontinuerleg forankrings- og informasjonsarbeid. Før kommunane kan flytte over til Helseplattformen må det også gjerast ei dataanalyse av helsesystema i kommunen slik at dagens helsedata kan overførast til den nye plattforma og sikre ei trygg migrering til det nye systemet. Alle system i kommunen som inneheld journalopplysningar vil bli erstatta av Helseplattformen, mellom anna journalsystemet i pleie- og omsorgstenesta og på helsestasjonen.
Fastlegane har også opsjon på å bytte sine system, noko som er vesentleg for å ta ut full effekt av Helseplattformen.


Helseplattformen-prosjektet har no kome inn i ein fase der alle kommunar med opsjonsavtalar må involverast for å kunne påverke resultatet. Når kontrakten med leverandør vert signert april 2019 bør alle 85 kommunar vere einige om kva for arbeidsprosessar det nye systemet skal støtte, samt kor stor grad av lokale tilpassingar vil vere naudsynte. I perioden august 2019 til juni 2020 er det planlagt at hele systemet skal tilpassast – også for opsjonskommunane. Det må riggast ein organisasjon og ein avgjerdsstruktur der Helseplattformen-prosjektet på Søre Sunnmøre arbeider tett saman med alle andre kommunar overfor leverandøren i denne perioden.

Effektmål og gevinstar:
Gjennomsnittsalderen aukar i de fleste kommunar i Midt-Norge, og trykket på helsetenesta aukar også frå dei yngre innbyggarane. Det medfører at det blir stadig færre yrkesaktive for kvar tenestemottakar. Helsepersonell må derfor få høve til å jobbe smartare og meir effektivt, i tillegg til at innbyggarar vert tettare involvert i eiga helse. Helseplattformen har definert følgjande 11 effektmål for prosjektet:

1. **Høgare behandlingskvalitet** og færre pasientskader.
2. Tilgang til **kontinuerleg oppdatert klinisk kunnskap** basert på beste praksis.
3. Innbyggarane i Midt-Norge får **enkel tilgang til eigen journal** og større moglegheit til å påverke eige behandlingsforløp.
4. **Betre samhandling** i og mellom primær- og spesialisthelsetenesta.
5. **Betre data- og informasjonsgrunnlag** for forsking og innovasjon.
6. Auka effektivitet og **betre ressursbruk.**
7. Betre styringsinformasjon som **grunnlag for kvalitets- og forbetringsarbeid** i dagleg drift.
8. **Redusert tidsbruk** på dokumentasjon og leiting etter helseopplysningar.
9. Tilfredsstille **nasjonale krav og standardar.**
10. Innbyggarane i Midt-Norge skal få høve til å **bu lengre i eigen bustad.**


11. Behovet for offentleg tenesteyting skal reduserast ved at tenester som blir gitt gjennom generiske forløp ivareteke ei **heilheitleg funksjonsvurdering.**

Desse effektmåla vil i arbeidet framover bli operasjonalisert i meir tydelege resultatmål også for den enkelte kommune som en del av arbeidet med gevinstplanlegging i prosjektet. Dei kommunale gevinstane kan skisserast slik:




Desse gevinstane er ikkje konkretisert enno, men ein indikasjon kan ein få gjennom referanse 1: Konseptvalgutredning: «Nasjonal løsning for kommunal helse-og omsorgsteneste», kapittel 3, 4 og 6. Trondheim kommune har starta sitt arbeid med gevinstanalysar, og det er naturleg å kople seg på dette.

Organisering:
Helseplattformen-prosjektet på Søre Sunnmøre vil vere ein del av det heilheitlege prosjektet for Midt-Norge. Det øvste organet for opsjonskommunane er Samarbeidsrådet, der kvart fylke er representert ved rådmenn og fagpersonar. Kvar kommuneregion skal vidare peike ut ein person til å delta i en «regional arbeidsgruppe». For Søre Sunnmøre deltek prosjektleiar Tommy Dahl. Det er i tillegg etablert lokal arbeidsgruppe med medlemar frå kvar kommune. Vidare er det rekruttert personar frå kvar kommune som skal vere med som fagruppe i beslutningsstrukturar i det forberedande arbeidet, når Helseplattformen skal tilpassast norske kommune-forhold.



Framdriftsplan:
Framdriftsplan for prosjektet Helseplattformen kan visuelt framstillast slik:



Økonomi:
Kostnadar knytt til sjølve anskaffelsen og innføringa av Helseplattformen
Desse kostnadane er ikkje kjende på noverande tidspunkt, då Helseplattformen er i ein anskaffelsesfase fram til april 2019. Det pågår også forhandlingar i forhold til kostnadsdeling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Kostnader knyttet til prosjektleiing og det sentrale prosjektet på Søre Sunnmøre
Dette utgjør hovudkostnadene tilknyttet dette mandatet. Hovudkostnadene for prosjektet på Søre Sunnmøre frikjøp av stilling frå Herøy Kommune, her knyttet til prosjektleiing og administrasjon i Helseplattformen. Det er i utgangspunktet forutsatt at disse kostnadene dekkes av eksterne midlar, unntak frå dette blir behandla i styringsgruppa. Det ble i mars 2018 søkt om skjønnsmidler frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal for dette, og Fylkesmannen har tildelt følgande midlar for 2019:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal har for 2019 tildelt til saman 4,2 millionar kroner til Helseplattformprosjektet. Desse midlane fordeler seg slik:
- Kommunane i Romsdal: 1 million kroner. Blir utbetalt til Molde kommune.
- Kommunane på Nordmøre: 1,2 millionar kroner. Blir utbetalt til Kristiansund kommune *)
- Nye Ålesund kommune: 1 million kroner. Blir utbetalt til Ålesund kommune
- Dei øvrige kommunane på Sunnmøre: 1 million kroner. Blir utbetalt til Ålesund kommune.
- Avklaring av midlar til Prosjektet på Søre Sunnmøre blir gjort i Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionsråd 22.02.19
- Den 22.02.19 blei det avklart at Prosjektet på Søre Sunnmøre fekk midlane på 1 million. Midlane vil bli utbetalt til Herøy kommune og disponerast av prosjektleiar.

Budsjett oppstilling over utgifter og korleis utgiftene vert finansiert i 2019:

Prosjektbudsjett Helseplattformen 2019		
Hva	**Kommentar / begrunnelse**	**Sum**
Kostnader		
Lønn, arb.giveravgift etc	Prosjektleder i 80% stilling	701 743
Reiser, mat, materiell, workshops etc	Estimert tall	180 000
Frikjøp av andre	Rest til frikjøp	118 257
Sum:		**1 000 000**
Inntekter		
Fylkesmannen skjønnsmidler		1 000 000
Sum:		**1 000 000**
Balanse		
Inntekter minus kostnader		-

Intern ressursbruk i eigen kommune
Det er ikkje eit eksplisitt krav om eigeninnsats knytt til dei tildelte midlane. Men for at eins kal lykkast med prosjektet må kvar kommune involverast tett både i forhold til informasjons- og forankringsarbeid, prosessarbeid og anna arbeid knytt til prosjektet. Det er for tidleg å estimere kva for innsats som vil krevjast i 2019, men det vil i hovudsak vere knytt til brei informasjon og involvering av fagpersonar og IT. Den største innsatsen vil kome når Helseplattformen faktisk skal rullast ut i forhold til opplæring, innføring og bytte av journalsystem, som vil vere ein krevjande jobb. Dette vil truleg skje i 2022.

Helseplattformen i statsbudsjettet
Helseplattformen er omtalt i statsbudsjettet (jfr Prop. 1S (2018-2019) punkt 2.2):

Det foreslås til sammen 575 mill. kroner i lån og tilskudd til Helseplattformen i 2019. … For å sikre finansiering av Helseplattformen vil Helse Midt-Norge bli gitt et lån tilsvarende 70 pst. av investeringskostnaden for spesialisthelsetjenesten, med en lånebevilgning på 465 mill. kroner i 2019. I tillegg vil det bli etablert en tilskuddsordning tilsvarende 100 pst. av den faste investeringskostnaden for kommunene og fastlegene, med en bevilgning på 110 mill. kroner i 2019. Dette er et tilskudd som skal betales tilbake med renter etter hvert som kommuner og fastleger tar i bruk løsningen. Ordningen er etablert for å legge til rette for deltakelse fra kommuner og fastleger i Midt-Norge, slik at verken Helse Midt-Norge eller de kommunene som går inn i prosjektet skal bære risikoen for manglende deltakelse. Regjeringen vil komme tilbake til låneramme og tilskuddsramme etter at avtale om kjøp av løsningen er inngått.

Vurdering og anbefaling:
Det er ikkje naudsynt å ta stilling til om kommunen skal nytte opsjonen på Helseplattformen på dette tidspunktet, sidan ein ikkje er kjend med kostnads- og gevinstbiletet. Bystyret i Trondheim skal etter planen handsame saka i mai 2019. Det vil på eit seinare tidspunkt bli lagt fram sak der politisk nivå skal ta stilling til om opsjonen skal utløysast. I første omgang er det behov for å gi informasjon til politisk nivå, samt ei politisk forankring for prosjektet.

Det er prosjektleiar si tilråding at kommune på Søre Sunnmøre deltek i dette prosjektet. Prosjektet markerer eit viktig sprang i digitaliseringa av heile helse- og omsorgssektoren, og kan gi ei markant forbetring i korleis tenestene i denne sektoren vert utøvd både i kommunar, sjukehus, hos fastlegar og ved innbyggarane sjølve. Helseplattformen vil bli eit særs_viktig bidrag til kunne løyse dei store velferdsutfordringene vi ser kjem spesielt innan dei kommunale pleie- og omsorgstenestene.

Dette er eit stort prosjekt som har ein viss risiko da ein ikkje veit kostnadene med kjøp, innfasing og gevinsten. Samtidig er dette eit prosjekt som vi ikkje har noko alternativ til, og at kommunane må vere med på denne prosessen for å kunne innføre dei nasjonale krava til felles elektronisk journalløysing.

Referanse:

1. Fra Direktoratet for e-helse, Konseptvalgutredning: «Nasjonal løsning for kommunal helse-og omsorgsteneste» (https://ehelse.no/strategi/n-innbygger-n-journal/nasjonal-journallosning-for-kommunal-helse-og-omsorgsteneste)
2. Fra Direktoratet for e-helse, Konseptvalgutredning: «*Én innbygger – én journal*» Nasjonal løsning for kommunal helse- og omsorgstjeneste (https://ehelse.no/Documents/En%20innbygger%20-%20en%20journal/KVU%20%c3%89n%20innbygger%20-%20%c3%a9n%20journal%20Nasjonal%20l%c3%b8sning%20kommunal%20helse-%20og%20omsorgstjeneste.pdf)
3. St. melding 9, «*Én innbygger – én journal (2012-2013)*» *(https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-9-20122013/id708609/)*

Særutskrift: Helse og omsorg

Fosnavåg, 25.03.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef helse og omsorg

Sakshandsamar: Tommy Dahl

HERØY KOMMUNE

Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2017/1545
		Arkiv:	141

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/19	Komite for helse og omsorg	08.05.2019
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG 2019-2027- SLUTTHANDSAMING

Tilråding:

Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2019 – 2027, datert 01.04.2019

Særutskrift:
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Eldrerådet i Herøy kommune her
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne her

Vedlegg:
Kommunedelplan for Herøy - helse og omsorg 2019 - 2027, 01.04.2019
Innspel ved offentleg ettersyn

Saksopplysningar:
Arbeid med Kommunedelplan for helse og omsorg 2019-2027 vart starta opp i kommunestyret 14.12.2017, sak 166/17, med utlegging av planprogram til offentleg ettersyn. Planprogrammet låg til høyring i perioden 03.01.18 – 14.02.18 og vart stadfesta av Formannskapet 10.04.2018, sak 64/18. Forslag til kommunedelplan vart handsama i formannskapet 12.12.2018, sak 240/18, sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 17.12.2018 – 10.02.2019.

I perioden kommunedelplanen låg ute til offentleg ettersyn kom det inn totalt fire merknadar frå; Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, seksjon for rehabilitering i Herøy kommune, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet.

Fråsegn frå fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 06.01.2019
… Vi etterlyser ei tydelegare kopling og forankring til lokale rammer og føringar – jf. kommunale planar og styringsdokument; særleg vil kommuneplanens samfunnsdel her vere sentral. Dette vil også kunne opne for ei breiare tilnærming i lys av både kommunen som organisasjon og kommunen som samfunn. Med eit utvida samfunns- og levekårsperspektiv vil planen i større grad også kunne fungere som eit overordna styringsverktøy til andre temaplanar brukt i helse- og omsorgssektoren.

Vurdering:
Det er lagt inn lokale føringar under kapittel 2.2 «Føringar og utviklingstrekk».

… Slik vi les planen synes vi det er vanskeleg å finne igjen breidda i tenestene frå vogge til grav. Helsestasjon og skolehelseteneste er mellom anne ikkje nemnde, Viser heller ikkje igjen tenester til funksjonshemma, rus/psykisk helse. I høyringssvar på planprogrammet frå februar 2018 viste vi til NAV som ein viktig velferdsaktør. Dei er heller ikkje ein del av planen sjølv om dei organisatorisk ligg under helse og omsorgstenestene i kommunen.

Vurdering:
Det er lagt inn status over tenestebildet i kapittel 2.1 «Dagens organisering» for å betre syne til breidda og utfordringsbildet i tenestene under planarbeidet.

…I høve til folkehelselova § 5 skal kommunane legge til grunn oversiktsarbeid i sine kommunale delplanar. Vi finn ikkje at det vert vist til slik kunnskap. Når det i planen blir vist til utviklingstrekk er dette i stor grad knytt til utfordringar innan eldreomsorg. Vi saknar eit fokus på utfordringar innan fleire område til dømes barn og unge, rus/psykisk helse, innbyggarar med minoritetsbakgrunn. Når det gjeld bakgrunnsinformasjon knytt til barn og unge her Herøy gjennomført *UngData-undersøking* i 2017.

Vurdering:
Det er lagt inn avsnitt om folkehelse og levekår, og funn i Ungdata-kartlegginga under kapittel 2.3 «Sentrale utfordringar i Herøy kommune».

Fråsegn Møre og Romsdal fylkeskommune datert 14.02.2019
Vi viser til vårt fråsegn ved varsel om oppstart og høyring av planprogram, datert 12.01.2018. Det er vist til fleire nasjonale føringar i kommunedelplanen som ligg til offentleg ettersyn, men vi saknar framleis ein referanse til regionale planar, det vil og være naudsynt og knytte denne planen til eiga samfunnsdel i kommunen.

Vurdering:
Regional plan for folkehelse er teken inn i planen under kapittel 2.2. Det er lagt inn ei sterkare knyting til kommunen sin samfunnsdel under lokale føringar.

Uttale frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne datert 25.11.2013:
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne håper at planen vert følgd opp som skissert, og at råda vert inkludert der medverknad skal vere ein del av arbeidet. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at kvaliteten i helse- og omsorgstenesta vert ivareteken i prosessarbeid for alle delane av tenesta, også for dei med størst tenestebehov. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne etterlyser litt tiltak ifht. behovet for avlastning for barn som ikkje er nemnt i planen.

Vurdering:
Helse og omsorg har som ambisjon å følgje opp planen som skissert. Medverknad er eit satsingsområde i planen. Tiltak for å utbetre den kommunale avlastingsbustaden er tatt med inn i handlingsdelen under satsingsområde «Førebygging».

Uttale frå eldrerådet 10.04.2019:
Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan det synest som eldreomsorga ikkje er berekraftig korkje økonomisk eller personellmessig slik den vert driven i dag. Det er difor positivt at ein no har kome så langt med ny kommunedelplan for helse og omsorg at den er på høyring. Eldrerådet er glad for at psykisk helse er påpeika som ei av hovudutfordringane. Utfordringane innan demensomsorga kunne vore meir omtalt innleiingsvis i planen.
Elles ønskjer Eldrerådet at planen inneheld meir konkrete tal knytt til kva den demografiske utviklinga framover vil kunne få av betyding for mellom anna institusjonsplassar og personellmessige ressursar.

Brukarmedverknad er viktig og Eldrerådet er glad det no skal oppnemnast brukarutval, og at ernæring og mat er sett fokus på.

Eldrerådet ønskjer at prosjektet sterk og stødig vert teke med i handlingsdelen.

Eldrerådet vonar at planen blir ein «levande» plan, der handlingsplanen vert fulgt opp, og at det også vert utarbeidd ein eigen eldreplan og frivilligplan.

Vurdering:
Det er innleiingsvis satt inn ei konkretisering av kor mange fleire institusjonsplassar vi treng i 2040, og meirkostnaden knytt til veksten i tenesta, om vi skal drive tenesta vidare som i dag. Dette er basert på Ressurssenteret for omstilling (RO) si analyse av helse og omsorg i Herøy kommune i 2017.

Sterk og stødig er tatt med i handlingsdelen under satsingsområde «Førebygging».

Eldreplan er teke med inn i handlingsdelen under satsingsområde «Heilskap»

Herøy kommune har ein frivilligplan for Herøy 2012-2015. I følgje planstrategien skulle planen reviderast i 2018. Den er førebels ikkje revidert. Helse og omsorg bør vere med i arbeidet med denne planen, der ein ser samfunnsbehova i ein samanheng. Helse og omsorg har elles satt ned fleire konkrete tiltak i handlingsdelen under satsingsområdet «Aktivitet og frivilligheit».

Vurdering og konklusjon:
Konsekvensar for folkehelse:
Planen er ein viktig del av folkehelsearbeidet i kommunen. Den førebyggande tankegangen har vore styrande for arbeidet med planen innanfor dei ulike tenesteområda. Mange av dei foreslegne tiltaka vil kunne få særs positiv konsekvens for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:
Nokre av tiltaka i planen legg opp til ei ny, utvida eller endra drift. Dette må ein komme tilbake til og konkretisere ved innarbeiding i budsjett og økonomiplan.

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2019 – 2027, datert 01.04.2019.

Fosnavåg, 10.04.2019

Olaus-Jon Kopperstad	Renathe Rossi-Kaldhol
Rådmann	Kommunalsjef

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol

HERØY KOMMUNE



KOMMUNEDELPLAN HELSE OG OMSORG

2019-2027

SAMMENDRAG

Kommunedelplanen for helse og omsorg er eit heilskapleg og forpliktande styringsdokument, som skal vere retningsgivande, og vise dei strategiske grepa som er naudsynte for å møte dei utfordringane som Herøy kommune vil møte.

HERØY KOMMUNE

Vedtak om oppstart med planprogram	**14.12.17, K-sak 166/17**
Stadfesting planprogram	**10.04.18, F-sak 64/18**
Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn	**12.12.18, F-sak 240/18**
Offentleg ettersyn i perioden 17.12.18 – 10.02.19	
Kommunedelplanen er vedteken i Kommunestyret	**xx.xx.xx, K-sak xx/xx**

Innhold

Forord 3
1. Innleiing 4
1.1 Behovet for endring - frå mottakar til aktiv deltakar 4
1.2 Målet med planen 5
1.3 Målgruppe 6
2. Rammer og føringar 7
2.1 Dagens organisering 7
2.2 Føringar og utviklingstrekk 11
2.3 Sentrale utfordringar i Herøy kommune 17
2.4 Framtidas omsorgstenester- bruk av velferdsteknologi i Herøy kommune 21
2.5 Digital samhandling gjennom helseplattform 23
2.6 Scenario- eit mogleg Herøysamfunn i 2027 24
3. Visjon og mål 25
4. Seks satsingsområde 26
4.1 Brukarmedverknad 26
4.2 Aktivitet og frivilligheit 28
4.3 Førebygging 29
4.4 Meistring 30
4.5 Kunnskap og kompetanse i tenesta 30
4.6 Heilskap 31
5. Handlingsplan for perioden 2019 – 2022 32

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje.
at det må skje-
at tidi skal opna seg
at hjarta skal opna seg
at dører skal opna seg
at berget skal opna seg
at kjeldor skal springa-
at draumen skal opna seg.
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.

Olav H. Hauge

Forord

Helse- og omsorgsplanen har til hensikt å gi Herøy kommune ei ny retning i utviklinga av tenestetilbodet. Vi skal i større grad enn tidlegare sjå heile livsløpet til innbyggjaren, og fokus på samordna, integrerte og heilskaplege tenester vil vere særs viktig og naudsynt. Dette vil mellom anna innebere at du som innbyggjar vert gitt større moglegheit for å ta ansvar for eige liv og eiga helse, samstundes som kommunen må legge betre til rette for å støtte opp under innbyggjarane sine eigne initiativ, til helsefremmande aktivitet og frivillig arbeid.

Som planen viser, vil Herøy ha ein stor vekst i tal på eldre. Dette er tilfelle, samstundes som nyare undersøkingar, både på landsbasis og i kommunen viser, at det er store utfordringar for barn og unge.

Vi skal vere ein god kommune for alle innbyggjarane, og styrke den førebyggande innsatsen, for å oppnå helsegevinst. Dei førebyggande prinsippa, som kommunen har lang og god erfaring med, i til dømes helsestasjon og skulehelsetenesta, vil vere ei rettesnor for det generelle førebyggande arbeidet. Når du som innbyggjar opplever helseutfordringar, skal du få tilbod om tverrfaglege tenester, slik at utviklinga snur eller vert redusert tidleg. Vi skal fokusere på kva som er viktig for deg, for at du kan leve heile livet, slik du ønskjer det. Det er du som må ta ansvar for di helse. Tenestene skal bygge på din eigen motivasjon, og styrke dine eigne ressursar.

Dei aller fleste ønskjer å bu i eigen heim så lenge som mogleg. Det er viktig at du som innbyggjar tek ansvar for eigen busituasjon i alderdomen. Det vil likevel fortsatt vere behov for sjukeheimsplassar i åra som kjem. Desse vil bli meir spesialiserte, samstundes som det er behov for å utvikle fleire alternative butilbod kor du som innbyggjar kan bu, sjølv om du har behov for delvis eller heildøgns pleie og omsorg. Det er til dømes eit stort behov for gode, bemanna butilbod innan psykisk helse og rus.

Teknologiutviklinga vil bidra til at sjukdom vert oppdaga tidlegare, at vi kan førebygge betre, og at fleire vil kunne bu tryggare i eigen heim. På nokre områder vil velferdsteknologien vere ein vesentleg ressurs i tenestetilbodet til deg som innbyggjar. Ved å gjere seg nytte av teknologien på rett måte, kan vi frigjere menneskelege ressursar, som vi veit det kan verte knapt om i arbeidslivet.

Alle tenester skal ha høg fagleg kvalitet, basert på solid og rett kompetanse, om kva som fremjar helse og livskvalitet hos deg som innbyggjar. Samhandlingsreforma, ny kunnskap, nye oppgåver og nye behandlingsformer, vil gjere at vi treng meir spesialiserte tenester i kommunen. Kommunen må difor samarbeide nært med utdanningsinstitusjonar, spesialisthelsetenesta, andre kommunar og andre aktuelle aktørar, for å sørgje for riktig og kontinuerleg kompetanseutvikling av våre medarbeidarar.

Utviklinga av helse- og omsorgsplanen har vore ein intens, tidskrevjande og lærerik prosess, men det viktigaste arbeidet startar med gjennomføring av alle dei ulike tiltaka i planen.

Takk til alle som har bidrege med utvikling av ny helse- og omsorgsplan for Herøy kommune 2019-2027.

Herøy 01.04.2019

Olaus Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Kommunalsjef helse og omsorg

1. Innleiing

1.1 Behovet for endring - frå mottakar til aktiv deltakar

Mange av dei utfordringane vi står overfor i Herøy kommune dei neste åra, har vi til felles med resten av kommune-Norge. Psykisk helse, både blant barn og unge, vaksne og eldre, er og blir eit viktig tema i tida framover. Det er mange barn og unge som fell utafor og slit i det samfunnet dei lever i til dagleg. Fleire unge treng mykje hjelp for å takle kvardagen, samstundes som dei i stor grad ønskjer å styre den hjelpa dei har rett på.

Som i resten av Norge blir også herøyværingane eldre, og dei vert eldre «raskare» enn i resten av landet. Sjølv om ei aldrande befolkning ikkje er einstydande med auka tenestebehov, vil talet på dei som mottek tenester auke fram mot 2030. Det er færre yrkesaktive per pensjonist. Dette kombinert med ein trong kommuneøkonomi, inneber at tenesteproduksjon slik vi gjer det i dag, ikkje vil vere bærekraftig på sikt. Ressurssenteret for omstilling (RO) si analyse av Herøy kommune, syner at om vi driv som i dag i 2040, vil vi trenge om lag 89 nye sjukeheimsplassar. I tillegg til auke i heimebasert omsorg vil det føre til at vi samla sett treng 100 millionar meir berre til eldreomsorga. Skal Herøy kommune, saman med resten av Norge, møte disse utfordringane, må det takast ein rekke grep.

For å skape ei *bærekraftig utvikling* for omsorgsfeltet, summerer St. Meld. 29 (2012–2013) Morgendagens omsorg hovedgrepa slik:

«I møte med morgendagens omsorgsutfordringer, blir det nødvendig å mobilisere samfunnets samlede omsorgsressurser og se nærmere på oppgavefordelingen mellom omsorgsaktørene. De offentlige omsorgstjenestene har vært i kontinuerlig vekst i flere tiår.

Med sikte på de demografiske utfordringer som venter oss for fullt om 10–15 år, bør denne veksten organiseres slik at den støtter opp under og utløser alle de ressurser som ligger hos brukerne selv, deres familie og sosiale nettverk, i nærmiljøet og lokalsamfunnet, i ideelle virksomheter og næringslivet som tar sin del av samfunnsansvaret.

Det vil kreve omstilling av den faglige virksomheten med større vekt på nettverksarbeid, tverrfaglig samarbeid, forebygging, tidlig innsats og rehabilitering. Det forutsetter også at folk tar ansvar for best mulig tilrettelegging av egen bolig, og at vi i fellesskap legger til rette de fysiske omgivelser slik at de blir tilgjengelige for alle og for alle generasjoner.»

I dette ligg det at helse- og omsorgstenesta i «morgondagen» vil ha ein annan form enn det vi tradisjonelt er vant til. Noko som på si side igjen – og for nokon brukargrupper – vil kunne opplevast som reduksjon i tenestetilbodet. Aktiv omsorg og kvardagsmeistring er sentrale omgrep i denne samanhengen. Korleis Herøy kommune skal snu fokuset frå mottakar til aktiv deltakar, kan du lese om i kapittel 4, satsingsområde.

Vidare legg regjeringa fokus på at framtidas helse- og omsorgsteneste

skal utviklast saman med pasientar, brukarar og deira pårørande. Brukarane skal få større innflytelse over eigen kvardag gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod. Målet er å skape ein helse- og omsorgsteneste som bidrar til at kvar einskild innbyggjar får ivaretatt sine grunnleggande behov og får moglegheita til å leve eit aktivt og godt liv i fellesskap med andre. Pårørande sin situasjon skal bli betra gjennom styrka tilbod om avlastning, støtte og fagleg rettleiing.

Sentralt i denne omstillinga står meistring, sjølvstende og god livskvalitet for den einskilde. Korleis Herøy kommune skal legge til rette for brukarmedverknad blir eit sentralt tema som du kan lese meir om under satsingsområde, og kvardagsmestring som tankesett og kvardagsrehabilitering som metode.

Helse og omsorg i Herøy kommune er samla om at målet med ny helse- og omsorgsplan er å utvikle ein helse- og omsorgsteneste som bidrar til best mogleg livskvalitet hjå den einskilde innbyggjar gjennom heile livsløpet, sjølv om livssituasjonen inneber bistand frå kommunen. Dette krev blant anna at vi støttar opp under størst mogleg oppleving av sjølvstende gjennom mestring av meiningsfulle aktivitetar og deltaking i samfunnet. I tillegg krev det tryggheit, både i heimen, i forhold til tenestene, og i møtet med samfunnet. Vi må derfor ha kunnskapsbaserte helse- og omsorgstenester, gode møteplassar og tiltak som skaper openheit og forståing hjå innbyggjarane og eit inkluderande samfunn generelt. Korleis vi skal lukkast i dette arbeidet, kan du lese om i handlingsdelen av kommunedelplanen.

1.2 Målet med planen

Formålet med kommunedelplanen for helse og omsorg er å vere eit overordna styringsverktøy for utviklinga i sektoren for helse og omsorg i Herøy kommune. Planen angir kva strategi kommunen har for framtidas tenester i sektoren. Strategien har betyding for utvikling og prioritering av tenester og bygg, som skal konkretiserast i handlingsplanar, årsplanar og budsjettdokument.

Planen vektlegg korleis kommunen bør møte utfordringar innan forventa folkevekst, alderssamansetning, nasjonale og lokale utviklingstrekk for helse- og omsorgstenester gjennom heile livsløpet. Planen peiker på kva betyding digitaliseringa vil få for utviklinga av velferdstenester. Planen peiker også på korleis kommunen skal utvikle gode og heilskaplege tenester, med riktig dimensjonering, tilbod og kvalitet på tvers av fagområda, og i samarbeid med pasientar/brukarar sett i lys av forventa utvikling.

Kommunedelplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy til andre temaplanar brukt i helse og omsorgssektoren. Dessutan skal den understøtte kommuneplanen sin overordna visjon og målsettingar.

Planen viser eit taktskifte i ressursinnsatsen frå reperasjon og behandling til førebyggjande arbeid på nye tenesteområder, tidleg innsats og ei meir aktiv pasient og brukarrolle.

Planen har eit tidsperspektiv på 8 år, og ein handlingsdel for dei komande fire åra. Handlingsdelen skal reviderast kvart år i samband med økonomiplanen og handlingsprogram. Planen skal vere eit verktøy både for det daglege og langsiktige

arbeidet i tenestene, og skal vere eit konkret arbeidsverktøy der ein kan sjå samanhengar i staden for enkeltsaker. Planen dannar utgangspunkt for verksemdplanar på avdelings- og seksjonsnivå.

1.3 Målgruppe

Innbyggarar

Alle innbyggjarane i kommunen vil i løpet av livet kome i kontakt med dei ulike delane i helse og omsorg. Planen seier noko om kva innbyggjarane kan forvente, korleis tenestene er utforma og korleis dei skal utviklast for framtida. Særleg viktig er fokuset på brukarmedverknad og satsinga på at brukarane av tenestene skal oppleve størst mogleg grad av meistring i eigne liv. Det er særs viktig å sette fokus på heilskapelege tenester.

Medarbeidarar i Herøy kommune

For å gi gode tenester er kommunen avhengig av kompetente og motiverte medarbeidarar. Alle tilsette må ha god kjennskap til kommunen sine tenester og ha ei felles forståing for tverrfaglege utfordringar og satsingsområde på tvers av sektorar, og kjenne dei langsiktige strategiane.

Eksterne samarbeidspartar

Spesialisthelsetenestene, frivillige organisasjonar, næringslivet og andre samarbeidspartnarar må kjenne til kommunen sine planar, og korleis samarbeidet kan utviklast til det beste for innbyggjarane og for å nå felles mål.

Politikarar

Planen vil med sine langsiktige strategiar, konkrete tiltak og prioriteringar vere eit viktig politisk styringsdokument for dei folkevalde i utvikling av tenester innan sektor helse og omsorg.

1.4 Planprosess

Tabellen under viser viktige milepelar i planprosessen.

Dato	Milepel
10. april 2018	**Vedtak planprogram**
Mai- november 2018	**Prosess innhald**
17. desember 2018	**Framlegg til kommunedelplan sendt på høyring**
10. Februar 2019	**Høyringsfrist**
Mai- juni 2019	**Vedtak kommunedelplan**

Det har vore brei involvering i prosessen med å utarbeide ny kommunedelplan. Styringsgruppa har bestått av politisk komitè for helse og omsorg, i lag med ein

representant frå eldrerådet, ein frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ein frå ungdomsrådet i Herøy kommune.

Prosjektgruppa har bestått av kommunalsjefen si leiargruppe, kommuneoverlege, leiar og nestleiar i helse og omsorgskomitèen og hovudtillitsvalde og hovudverneombod.


Temabaserte arbeidsgrupper har vore breitt samansett av fagpersonar internt, inklusive tillitsvalde og verneombod. Arbeidsgruppene har både gjennomført brukarintervju, køyrt brukarundersøkingar på heimeside og sosiale medium, og tatt kontakt med nøkkelpersonar frå frivillig arbeid og andre sektorar.

Undervegs i prosessen har vi hatt bistand av ressurssenteret for omstilling (RO), som både har leia oss gjennom ein «framtidsverkstad» og fylgt oss i prosessarbeidet.

Framlegg til kommunedelplan har vore på høyring i perioden 17. desember 2018, til 10. februar 2019.

2. Rammer og føringar

2.1 Dagens organisering



Organisasjonskartet

Sektor for helse og omsorg har i dag fire avdelingar under kommunalsjef. Avdeling for tenestekoordinering er helse og omsorgsektoren sitt forvaltningskontor, og er organisert i kommunalsjefen si stabsline.

Avdeling for pleie og omsorg, avdeling for bu og habilitering og avdeling for barn, familie og helse, med sine seksjonar, yt kommunale helse og omsorgstenester til innbyggjarane i Herøy kommune. For å lese meir om tenesteinnhaldet i Herøy kommune har, kan du sjå på Herøy kommune si heimeside.

Status i tenestene under planarbeidet

Legetenesta

Legetenesta i Herøy har 12 fastlegeheimlar fordelt på Herøy legesenter og Myrvåg legesenter. I tillegg har vi LIS 1 lege (tidligare turnuslege). Fastlegane har kommunale bistillingar som sjukeheimslege, legevaktslege, helsestasjonslege og ein er kommuneoverlege. Hovudutfordringa dei seinaste åra har vore eit generasjonsskifte, med behov for rekruttering av nye fastlegar som vert verande over tid. Nye krav til legevakt i form av meir personell og kompetansekrav, er eit område vi truleg må samarbeide med andre kommunar for å løyse tilfredstillande og effektivt.

Helsestasjon

Helsestasjonen har 5,5 faste årsverk som helsesjukepleiarar og 0,5 årsverk til jordmor, i tillegg til 1,3 årsverk i prosjektstillingar. Prosjektstillingane må søkjast om kvart år. Helsestasjonen på Eggesbønes er samlokalisert med PPT, legesenter, barnevern, psykisk helse og rus, seksjon for rehabilitering og avdeling for tenestekoordinering.

Ca 3,7 årsverk av helsesjukepleiarressursane vert brukt i skulehelsetenesta i grunnskulen og vidaregåande skule, samt helsestasjon for ungdom. Ca 2,0 årsverk til helsestasjon for gruppa 0 – 5 år. 0,8 årsverk helsesjukepleiar går med til skule/reisevaksinering. Å arbeide tverrfagleg med barn og unge er høgt prioritert, og vi følger tett om arbeidet som ligg til grunn i den tverrsektorielle planen med fokus på førebyggande tiltak for barn og unge. Helsestasjonen har satt i verk eit interkommunalt samarbeid med helsestasjonane i 7-stjerna, knytt til digitalisering og utvikling av eigen helsestasjonsportal.

Rehabilitering

Kommunen har 7 driftsavtalar med fysioterapeutar fordelt på eit fysioterapisenter i Myrvåg og eit på Eggesbønes. I tillegg har vi ein kommunalt tilsett fysioterapeut og ein kommunalt tilsett ergoterapeut som har kontor på Eggesbønes i seksjon rehabilitering. Ventetid på tilgang til medisinsk rehabilitering har vore ei utfordring. Frå januar 2019, vert team for kvardagsrehabilitering rekruttert inn og organisert i denne seksjonen. Dette teamet utgjør 1,8 årsverk.

Psykisk helse og rus
Psykisk helse og rus har 9,5 årsverk. Tenesta vart omorganisert og samlokalisert i helsesenteret på Eggesbønes i januar- mars 2019. Dette som ei naturleg endring i tråd med sentrale føringar og etter tilsyn med ROP-pasientar i 2018. Tilbodet omfattar lavterskeltilbod, gruppetilbod, aktivitetstilbod og individualoppfølging. Det er ein kommunepsykolog tilsett. Det vert arbeidd med å rekruttere ein psykolog til, for særskilt arbeid knytt til barn og unge. Behovet innan psykisk helse og rus ser vi er aukande, og vi har behov for å opprette bustadar tilrettelagt for bemanning knytt til dette tenesteområdet.

Barnevern
Barnevernet i Herøy har 6 faste årsverk og 1 prosjektstilling. Herøy er vertskommune for Vanylven kommune på dette tenesteområdet frå januar 2019, som tilførte 3 faste årsverk. Målsettinga med samarbeidet er å styrke fagmiljøet og gjere tenesta meir robust. Barnevernet er samlokalisert med helse og omsorgstenestene på Eggesbønes i Herøy og i Fiskå i Vanylven kommune. Barnevernet har levert gode resultat, og kom godt ut i brukarundersøking gjennomført i 2018. Barnevernet har stort fokus på å kome tidleg inn, og nyttar familieråd aktivt for å involvere familie og nettverk for å finne gode løysingar, og COS for å styrke tilknyting mellom foreldre/barn. Det vert arbeid med interkommunal løysing for barnevernsvakt, som stettar lovkrava og forsvarligheitskravet til kommunen.

NAV
NAV har 5,8 kommunale årsverk og 15 statlege årsverk. Herøy er vertskommune for Vanylven kommune for tenesteområdet frå januar 2019. Målsettinga med samarbeidet er å styrke fagmiljøet og gjere tenesta meir robust, og er i tråd med staten sine føringar for utviklinga av NAV-kontor. NAV har kontor på Eggesbønes i Herøy og Fiskå i Vanylven kommune. Hovudmålet for NAV lokalt er oppfølging av arbeid og aktivitet. Kommunale tenester ved NAV er opplysning, råd og rettleiing for å førebygge sosiale problem, stønad til livsopphald. Både Herøy og Vanylven kommune hadde ein sterk vekst i utbetaling av sosialstønad i 2018. NAV har sett i gang fleire utviklingstiltak for å få fleire i arbeid.

Fylgjande utviklingstiltak er i verksatt:
- Etablering av lavterskeltilboda Utsikten og Jobbkafè
- Opptrapping av tal på deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet
- Auke i tal på personar i arbeidsmarknadstiltak

Heimeteneste
Heimetenesta i pleie og omsorg omfattar heimesjukepleie og praktisk bistand. Det er 52,7 årsverk i heimetenesta fordelt på 45,9 årsverk i heimesjukepleie og 6,8 årsverk praktisk bistand. Heimeteneste ytre har base på Eggesbønes og heimeteneste indre har base i Myrvåg. Heimetenesta gir tenester til alle som bur i eigen privat heim og i kommunale omsorgsbustadar med ulik grad av bemanning. Heimetenestene er i stadig endring. I 2017 vart det opna nye 16 omsorgsbustadar for eldre med heildøgns bemanning. I 2018 ga vi heimesjukepleie til 397 innbyggjarar og praktisk

bistand til 247 innbyggjarar totalt sett. Vidare ser vi at pasientane i stadig høgare grad treng spesialisert behandling. Fleire har alvorlege somatiske helseproblem. Helse og omsorg har hatt stor nytte av koordinatorar innan kreftomsorg og demensomsorg, til saman 4,3 årsverk. Kreftkoordinator/kreftsjukepleiaren tilbyr hjelp og støtte til kreftramma og deira pårørande, gir råd og rettleiing og er med på å sikre trygg og heilskapleg omsorg i heimkommunen. Kreftkoordinatoren samarbeider tett med fastlegar og sjukehus. Det er vidare knytt demenskoordinator, eit eige demens- og psykiatriteam og dagtilbod for personar med demens til pleie og omsorg. Demenskoordinator er bindeleddet mellom personar med demens, dei pårørande, kommunale tenester og spesialisthelsetenesta. Dette er eit tilbod ein ser behov for å utvide.

Bu og habilitering
Bu og habiliteringsavdelinga yt heimebasert omsorg til menneske med utviklingshemming eller som har andre funksjonsutfordringar. Avdelinga har 60,5 årsverk fordelt på 2 seksjonar. Avdelinga har ansvar for oppfølging i kommunale omsorgsbustadar, avlastande tiltak i private heimar og aktivitetstilbod som Herøy produksjon. Avdelinga har i tillegg ansvar for avlasting til barn i kommunal avlastingsbustad. Det har vore særskilt fokus på kompetanseheving og opplæringstiltak i avdelinga. Hovudutfordringa for denne tenesta er å legge til rette for eit godt og dekkjande aktivitetstilbod i kvardagen, for dei som fell utanfor det ordinære arbeidslivet. Vi ser i tillegg ein auke i høve familiar som har behov for hjelp til funksjonshemma barn, og den kommunale avlastingsbustaden treng å bli oppgradert, og betre tilrettelagt med moglegheit for skjerming. Vidare vert det fleire eldre, og vi må heve kompetansen vår for å møte utfordringane det gir.

Sjukeheim
Pleie og omsorgsavdelinga har 5 sjukeheimsseksjonar med til saman 91 plassar fordelt på to omsorgssenter, eit på Eggesbønes og eit i Myrvåg. Alle seksjonane har korttids- og langtidsplassar. I tillegg har vi 2 øyeblikkeleg hjelp plassar som er lokaliserte i Myrvåg. Til saman har avdelingane 80,1 årsverk. I 2018 vart det vedteke ei omheimling av 40 sjukeheimsplassar til bukollektiv etter rehabilitering av dei to eldste avdelingane, raud og grøn avdeling. I 2018 fekk 184 nye innbyggjarar tilbod i sjukeheim. Dette er ei dobling sidan innføringa av samhandlingsreformen januar 2012. I tillegg har vi gitt innbyggjarar tilbod om dagopphald i sjukeheim for å gjere det mogleg å bu heime lenger. Skal vi lukkast med å ta ned presset på sjukeheim, må vi styrke den heimebaserte tenesta, mellom anna ved å byggje ut slike tenester.

Institusjonskjøkken
Pleie og omsorgsavdelinga har ansvar for institusjonskjøkkenet. Kjøkkenet har lokalitetar både på Eggesbønes og i Myrvåg, hovudkjøkkenet ligg på Eggesbønes. Kjøkkenet vann fylkespris for «Gyldne måltidsøyeblikk» i 2015 for sitt gode arbeid med matkvalitet. Vi serverer mat etter kok-server prinsippet til sjukeheimar, omsorgsbustadar, dagsenter og private heimar. Innbyggjarane som får mat frå kjøkkenet vårt, får varm og nylaga middag 365 dagar i året. Gode råvarer ser vi på som essensielt for å gi innbyggjarane god og næringsrik mat. Kjøkkenet leverte gjennomsnittleg mat til 157 personar kvar dag i 2018, med god hjelp av frivillige

organisert gjennom frivillegsentralen. Kjøkkenet har 7,6 årsverk. Vi har behov for å utvide arealet til kjøkkenet på Eggesbønes. Dette både for å møte aukande behov for matlevering til innbyggjarar i private heimar, og samtidig fokusere på å ha eit godt effektivt kjøkken med topp matkvalitet i framtida.

Tenestekoordinering
Avdeling for tenestekoordinering har 7,5 årsverk, der 2 er knytt til teknisk drift. All sakshandsaming og tildeling av helse- og omsorgstenster blir sluttført i denne avdelinga, i samråd med tenesteytande einingar. Tenestekoordinering har ei viktig rolle i arbeidet med samhandlingsreforma, og heilskapelege pasientforløp. Den lovpålagte funksjonen «koordinerande eining» ligg til avdelinga, med hovudoppgåve å sikre dei med behov for koordinerte tenester eit samordna, tverrfagleg og heilskapleg tilbod. Avdelinga har støttefunksjonar for ulike fagprogram som til dømes journalsystem og kvalitetssystem, i tillegg til å drive strategisk kompetanse- og rekrutteringsarbeid. Avdeling for tenestekoordinering er også sentrale i arbeidet rundt velferdsteknologi.

Helse og omsorgssektoren legg stor vekt på å organisere tenestene slik at vi ressursmessig og kompetansemessig vert i best mogleg stand til å møte stadig nye utfordringar. I vidareutviklinga av tenester ser vi at det er nødvendig å styrke den førebyggjande og helsefremjande innsatsen.

2.2 Føringar og utviklingstrekk

Nasjonale føringar

Sentrale rapportar og meldingar skildrar utfordringar kommunane vil stå overfor innan helse-, sosial- og omsorgstenesta som følgje av demografisk og epidemiologisk[1] utvikling. Fokus på sosiale problem blant barn og unge og satsing på tiltak for å betra folkehelsa samt vekst i tal eldre, auke i kroniske lidingar. Regjeringa har gjennom stortingsmeldingar omtala mange av desse utfordringane.

Samhandlingsreforma (St. Meld. nr. 47 2008-2009) som vart sett i verk januar 2012 pregar enno utviklinga av tenestene. Spesielt gjeld dette funn som indikerer at tenestemottakarane sine behov for koordinerte tenester ikkje vert ivaretatt på ein god nok måte. At innsatsen for å avgrensa og/eller førebygga sjukdom framleis ikkje vert prioritert godt nok. At dagens innretning og ressursfordeling gir oss utfordringar når vi skal sikra framtidig berekraft.

1.januar 2012 trådde ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester og ny lov om folkehelsearbeid i kraft. Denne planen tar omsyn til nye krav og forslag i den utstrekning vi har oversikt.

[1] Epidemiologi er læren om befolkningshelse, sykdommers forløp, årsak og konsekvens, utbredelse og demografi.

Folkehelsemeldingen (St. Meld. nr. 19 2014-2015) Mestring og muligheter fokuserer på:

- Psykisk helse skal prioriterast
- Større merksemd mot betydinga av aktiv aldring
- Fokus på forhold som fremjar meistring og som motverkar einsemd
- Eit auka og betre samarbeid med frivillig sektor
- Tilrettelegge for fysisk aktivitet og målretta informasjon om samanhengen mellom kosthald, livsstil og helse



I 2015 vart meldinga om framtidas primærhelseteneste lagt fram (St. Meld. nr. 26 2014-2015). Her vart det fokusert på:

- Aktiv og framtidsretta pårørandepolitikk
- Samlokalisering av helse og omsorgstenestene
- Oppfølgingsteam for tenestemottakarar med store samansette behov
- Auka kompetanse innan leiing av helse- og omsorgstenestene
- Legga til rette for meir ambulant behandling




Opptrappingsplan for rusfeltet (proposisjon nr. 15 S 2015-2016) fokuserer på:

- Sikra reell brukarmerknad gjennom fritt behandlingsval, fleire brukarstyrte løysingar og sterkare medverknad ved utforming av tenestetilbodet
- Sikra at personar som står i fare for å utvikla rusproblem skal fangast opp og motta tidleg hjelp
- Tenestene skal vera tilgjengelege, varierte og heilskaplege
- Alle skal sikrast eit aktivt og meiningsfullt tilvere



Omsorgsplan 2020 (St. Meld. nr.29 2012-2013) som kom i 2013 legg vekt på å utvikla og innarbeida nye og framtidsretta løysingar. Blant anna skal det fokuserast på:

- Fagleg omlegging og større vekt på tidleg innsats
- Kvardagsmeistring og nettverksarbeid.
- Utvikle og ta i bruk velferdsteknologi og utvikling og bygging av framtidas omsorgsbustader og sjukeheim.



Kvalitetsreformen for eldre "Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre" fokuserer på:

- Å gi eldre ein trygg og aktiv alderdom

- Regjeringa sin eldrereform "Leve hele livet" løftar frem 25 løysningar og fleire hundre eksempel frå kommunane som skal gi eldre ein trygg og aktiv alderdom
- Kommunar som tar dei gode løysingane i bruk vil bli lønna i statlege støtteordningar
- Det skal leggast opp ein prosess kor kommunestyra skal vedta løysningane som passer i deira kommune
  Når kommunane har beskrive korleis dei vil utforme sine løysingar, startar arbeidet med å gjennomføre reforma. Reformperioden vil starte i 1. januar 2019 og vare frem til 2023 med ulike fasar for planlegging, gjennomføring og evaluering.





Demensplan 2020 fokuserer på:



- Sjølvbestemmelse, involvering og deltaking
- Førebygging
- Aktivitet, meistring og avlasting
- Tilpassa tenestetilbod
- Pårørande som ressurs
- Forsking, kunnskap og kompetanse

Ny forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten fokuserer på:

- Fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerheit, og at øvrige krav i helse- og omsorgslovgivinga vert etterlevd
- Kvalitetsforbetring og at dette er en kontinuerlig prosess for å identifisere svikt eller forbetringsområde
- Det er utarbeida ein veileder til forskrifta. Denne ble sist endret 13. juni 2018
- Ansvar for styringssystem og tenestelevering



Andre aktuelle meldingar:
St. Meld. nr. 39 (2006-2007) Frivillighet for alle
Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse og omsorgsfeltet (2015-2020)

Det er mange særlover/forskrifter/stortingsmeldingar, rundskriv mv. ein må følgja med omsyn til planlegging og drift av helse-, sosial- og omsorgstenestene. Dei mektigaste lovene som skal sikra grunnlaget for kommunen sine oppgåver og ansvar innan helse, sosial og omsorg er blant anna: Helse- og omsorgstenestelova, Folkehelselova, Sosialtenestelova, Pasient- og brukarrettigheitslova, Helseberedskapsloven, Helsepersonelloven, Lov om psykisk helsevern og i Herøy også barnevernlova, sidan tenesta ligg til sektoren. Det er ei rekkje forskrifter som

konkretiserer innbyggarane sine rettar og kommunen sitt ansvar. Verdigheitsgarantien og Fastlegeforskriften er nokre av dei mest sentrale.

Vi har i tillegg til nemnde dokument, også lagt vekt på følgande dokument i arbeidet med denne planen:

Nasjonale sentrale og førande dokument:

- LOV-2011-06-24-29, Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)
- LOV-1999-07-02-63, Lov om pasient- og brukerrettigheter (pasient og brukerrettighetsloven), med endringslov
- LOV-1999-07-02-64, Lov om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven), med endringslov
- LOV-2015-09-04-85 fra 01.07.2016, Lov om barneverntjenester (barnevernloven)
- LOV-2016-12-20-105 fra 01.01.2017, Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven)
- St. Meld. Nr.25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening
- St. Meld. 24 (2015-2016) Familien – ansvar, frihet og valgmuligheter
- St.Meld 45 (2012-2013) Frihet og likeverd
- St.Meld. 30 (2011-2012) Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk
- St. Meld. 17(2015–2016) Trygghet og omsorg, Fosterhjem til barns beste
- Omsorg 2020. Regjeringen
- Fleire år- fleire muligheter. Regjeringen
- Mestre hele livet 2017-2022. Regjeringen
- Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019.
- Nasjonalfaglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom.
- Bolig for velferd 2014-2020
- SSB/KOSTRA-IPLOS

Nasjonale utviklingstrekk

Sentrale rapportar og meldingar skildrar utfordringar kommunane vil stå overfor innan helse-, sosial- og omsorgstenesta. Fokus på sosiale problem blant barn og unge og satsing på tiltak for å betra folkehelsa, samt auke i kroniske lidingar og vekst i tal av

eldre. Regjeringa har gjennom stortingsmeldingar omtala mange av desse utfordringane.

Under følgjer nokre utviklingstrekk[2]

- Folketalet i Norge held fram med å auka og tel i underkant av 5,3 millionar ved inngangen til 2018.
- Tal og del innvandrarar har auka kraftig gjennom dei siste tiåra. [3]
- Det blir færre yrkesaktive per pensjonist. Andelen av totalbefolkninga over 67 og 80 år vil auke
- Fleire bur i byar og tettstader
- Fleire bur åleine, det gjeld både yngre vaksne og eldre
- Fleire tar lengre utdanning, og dette er ein av fleire årsaker til at kvinnene er eldre enn tidlegare når dei får sitt første barn og til at dei føder færre barn
- Ved at fleire har høgare utdanning vil dette kunne påverke korleis vi ønskjer å ha det i høg alder

Dei siste års reformer har ført til at vi har fått eit større ansvar for brukarar og pasientar med omfattande somatisk og psykisk helse- og ruslidingar. Pasientane vert ofte utskrive frå spesialisthelsetenestene raskt. Mange vil då ha behov for eit kommunalt tilbod i ein overgangsfase eller over lenger tid. Dette gjeld ulike tenester som til dømes fysioterapi, psykisk helsetenester og sjukeheimsplass.

Denne planen byggjer på folkehelseperspektivet som skal prege all kommunal planlegging. Det betyr; førebygging kjem først, deretter behandling og pleie.

Regionale føringar

Regional delplan for folkehelse 2014-2017 i Møre og Romsdal har fokus på ulike livsfasar og samfunnsområde som er viktige for helsa vår gjennom heile livsløpet.

Prioriteringar i delplanen:

- Samfunnsutvikling for ein god start i livet
- Helsevennleg arbeidsliv
- Samfunn som fremmar aktiv, trygg og frisk alderdom
- Trygt og helsefremmande fysisk miljø
- Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar
- Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

[2] Kilde; Folkehelseinstituttet).

[3] https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/innvandrere-og-deres-norskfodte-barn-gruppenes-sammensetning

Planen peikar på at det viktigaste arbeidet med folkehelse skjer i lokalsamfunna, der vi lever våre liv. Det er der vi legg grunnlaget for helse. Vi må tenkje breitt når vi skal arbeide med folkehelse. Mange sektorar og aktørar, offentlege og private, må arbeide saman.

Lokale føringar

Planstrategi for Herøy kommune 2016-2020 tek opp dei overordna utfordringane og utviklingstrekk i kommunen, og peikar på planbehov som skal iverksettast for å imøtekome dette. For folkehelse og levekår står det mellom anna slik:

«Kommunen er ansvarleg for å planlegge, utforme og organisere tenester til alle innbyggjarar med behov for helse- og omsorgstenester. Tenestetilbodet skal vere fagleg forsvarleg og mest mogleg likeverdig.»

I følgje planprogrammet gjeld dagens kommunedelplan for helse og omsorg gjeld frå 2013 til 2020. Herøy kommune gjennomførte våren 2017, ei evaluering av sektor helse og omsorg. Grunnlaget for denne evalueringa, skulle munne ut i eit arbeid med ein heilskapleg utviklingsplan for ansvarsområdet til helse og omsorgssektoren, og ei prioritering og utvikling av bygningsmassen for sektoren. På dette grunnlag vert kommunedelplanen rullert tidlegare enn det planstrategien for Herøy frå 2016-2020 har lagt opp til.

Kommuneplan for Herøy 2013-2025, samfunnsdelen har 6 gjennomgåande perspektiv:

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

Kommunedelplanen har desse fem satsingsområda:

- Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling
- Infrastruktur
- Kompetanse og næringsutvikling
- Rekruttering busetting og inkludering
- Barn, unge og identitetsbygging

Samfunnsdelen peikar på at helse- og omsorgssektoren står ovanfor store oppgåver i framtida då det stadig vert fleire eldre over 80 år som har behov for pleie- og omsorg-stenester. Alderssamansetjinga i kommunen vil bli endra og kompleksiteten i

oppgåveløysninga vil auke og det må i større grad utviklast tenester som støttar opp under førebygging, tidlig innsats og rehabilitering. I tillegg vil samhandlingsreforma, den generelle samfunnsutviklinga og den medisinske utviklinga gi kommunen nye oppgåver også for yngre aldersgrupper. Kommunen må planleggje for ein kapasitetsauke både når det gjeld personell og bygningsmessige ressursar.

Andre planer av betyding for helse og omsorg:

- Kommunedelplan for bustadpolitikk 2015-2019
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Frivilligplan 2012-2015
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Alkoholpolitisk plan
- Tverrfagleg plan for barn og unge 2018-2022
- Plan for kvardagsrehabilitering

I rullering av kommunedelplanen for helse og omsorg, har vi også lagt vekt på Ressurssenteret for omstilling (RO) si eksterne analyse av helse og omsorg i Herøy kommune frå 2017.

2.3 Sentrale utfordringar i Herøy kommune

Folkehelse og levekår

Herøy kommune utarbeidde i 2015 Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy. I denne rapporten kjem det fram mellom anna:

- Spesielt unge jenter slit med den psykiske helsa.
- Andelen elevar i 8.kl som driv fysisk aktivitet, er sterkt minkande fram mot vidaregåande skule.
- Gode oppvekstkår, trygge lokalsamfunn og gode levevanar, er viktig satsing for folkehelsa.

I Ungdata-kartlegginga frå 2017 kjem det fram at ungdomselevar i Herøy er meir fornøgd med lokalmiljøet sitt, og meir fornøgd med skulen sin. Dei brukar vesentleg meir tid framfor ein skjerm enn andre kvar dag, men brukar mindre tid på lekser. Fleire uttrykkjer at dei er plaga av einsemd og depressive symptom, samt mobbing. Ein har vore sjeldnare rusa på alkohol. Det er færre som deltek i organiserte fritidsaktivitetar. Det er færre som trur dei får eit lykkeleg liv. Ser ein på resultata for Herøy opp mot trendane som kjem fram i den nasjonale rapporten, ser ein at mykje stemmer overeins. Ein ser eit trendskifte i forhold til m.a. tid på skulearbeid, framtidstru og tankar om høgare utdanning. Etter mange år med oppgang på desse områda, ser ein no nedgang

Vidaregåande elevar i Herøy seier dei er vesentleg meir plaga av einsemd og vert meir mobba enn andre. Fleire har fysiske plager kvar dag, og fleire har blitt skada på

grunn av vald. Dei røyker meir, men er sjeldnare rusa på alkohol og færre har brukt cannabis. Færre er fornøgde med lokalmiljøet og med skulen sin. Færre deltar i organiserte fritidsaktivitetar, færre trenar minst ein gong pr. veke og færre trur dei får eit lykkeleg liv. Men dei er like fornøgde med venene sine og like mange har minst ein fortruleg venn. Dei fleste kjenner seg trygge i nærområdet.

Herøy kommune gjorde slikt kommunestyrevedtak etter kartlegginga:

Kommunestyret tek resultata til vitande med følgjande kommentarer til oppfølgjing:

- Arbeidsmøte mellom administrasjon, politikarar, ungdomsråd og andre aktuelle. (Foreldreutval, fritidsorganisasjonar m.m.)
- Tema på leiarmøte
- Skal sette ned ei interkommunal arbeidsgruppe

Tiltaka er gjennomført, bortsett frå siste punkt om å sette ned interkommunal arbeidsgruppe.

Herøy kommune har kartlagt statusbildet innan rus og psykisk helse gjennom **BrukarPlan** ved fleire høve, seinast i 2017. Kartlegginga syner at det er ekstra viktig å følgje opp levekåra til innbyggjarar med rusproblem, og særskilt innbyggjarar med samstundes rus og psykisk helseproblem (ROP-pasientar), då fleire scorar lågt på levekårsindeksen.

I folkehelseprofilen for Herøy i 2019 som er utgitt av folkehelseinstituttet, viser tala at andelen barn (0-17) som bur i hustandar med låg inntekt er lågare enn landsnivået. Fråfallet i vidaregåande skule er lågare enn landsnivået. Fråfall kan vere eit viktig folkehelseutfordring, sjølv om kommunen ligg betre an enn landet. Andelen i aldersgruppa 15-29 som har psykiske symptom og lidingar, er lågare enn landssnittet vurdert etter data frå fastelege og legevakt.

På dei områda Herøy kjem dårlegare ut enn landsnivået er det mobbing, skjermtid, mindre deltaking i fritidsorganisasjonar, overvekt og fedme og muskel og skjelettplager som merkar seg særskilt ut.

I Herøy kommune sin samfunnsdel er barn og unge både eit satsingsområde og eit gjennomgåande perspektiv. Det er satt ned fleire strategiar, mellom anna vil desse vere aktuelle for helse og omsorgssektoren:

- Kommunen vil ha god dekning av helsetenester for barn og unge.
- Kommunen ynskjer å arbeide for tidleg intervensjon for barn og unge med problem.
- Kommunen ynskjer å auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette.

Befolkningsframskrivingar


Statistisk Sentralbyrå (SSB) sine befolkningsframskrivingar viser store endringar i alderssamansetninga i Herøy i åra som kjem. Delen eldre i samfunnet vil auke, og

dei gamle blir eldre. Delen barn og unge, og del yrkesaktive minkar. Reduksjonen av yrkesaktive utfordrar kommunen med omsyn til å få tilført ressursar til helse- og omsorgstenester for alle som trenger det.

Befolkningsframskriving i Herøy 2018 - 2040.						
	2018	*2020*	*2025*	*2030*	*2035*	*2040*
0-19 år	2199	2131	2013	1920	1849	1814
20-66 år	5247	5169	5074	4958	4823	4603
67-79 år	1043	1131	1240	1314	1348	1429
80-89 år	375	387	437	558	663	718
90+ år	101	94	101	116	149	195
Totalt tal innbyggjarar	8965	8912	8865	8866	8832	8759

Kilde SSB, 2018 alternativ MMMM

Tal yrkesaktive (16-66 år) per tal eldre (67 år+) er av interesse for finansiering av pensjonar, velferdstilbod og helse- og omsorgstenester. Dette forholdet blir kalla aldersbæreevne og gir uttrykk for utfordringar knytt til framtidig rekruttering, tilgjengeleg kompetanse og ressursar til helse- og omsorgstenesta i kommunen. Kommunen må i åra som kjem få etablert heiltidskultur i helse- og omsorgssektoren.



Kilde SSB, 2018 alternativ MMMM

Herøy har 3,76 personer i yrkesaktiv alder per eldre i 2018, og koeffisienten[4] for aldersbæreevne blir redusert til 2,71 i 2030 og 2,13 i 2040. Til samanlikning var det på landsbasis 4,7 personer i yrkesaktiv alder per eldre i 2000. Aldersbæreevna på landsbasis blir redusert til 3,6 i 2030 og 2,9 i 2050[5].

[4] En **koeffisient** (av latin *coefficere*, «medvirkende») er et matematisk uttrykk knyttet til et annet tall eller en variabel som representerer den. Koeffisienten kan være et parameter (matematikk), et indeksnummer (fysikk, økonomi) eller en faktor (kjemi)


[5] Meld. St. 15 (2017-2018) s. 42 – Leve hele livet

Aldersbæreevna viser at det blir viktig å legge til rette for et aktivt næringsliv og at flest mogleg av den yrkesaktive befolkninga står lengst mogleg i arbeid. Å legge til rette for at ungdommen trivst og blir værande i kommunen er nødvendig med omsyn til behovet for kompetanse innan helse- og omsorg.

Eldre over 85 år har tradisjonelt dei største omsorgsbehova i befolkninga. Aldersgruppa 50-66 er dei som i størst grad yt omsorg til eldre i familien (pårørande og andre).

Endringar i alderssamansetninga er avgjerande for kor mange familieomsorgsgivarar dei over 85 år kan støtte seg på, og vil kunne påverke framtidige familieomsorgsmønstre. Dette har også betyding for korleis tenestene bør innrette seg fram i tid. Mobilisering og tilrettelegging for frivillig innsats og samarbeid med pårørande vil være viktig i framtida si eldreomsorg.

Familieomsorgskoeffisienten uttrykker tal potensielle familieomsorgsgivarar i aldersgruppa 50-66, og eldre over 85 år som treng omsorg.



I 2018 har Herøy 7,7 personer i aldersgruppa 50-66 år per eldre i alderen 85 år og over. Talet er venta å vere stabilt fram til 2025, for deretter å synke kraftig. I 2040 er det 3,66 personer i aldersgruppa 50-66 år per eldre i alderen 85 år og over. På landsbasis er familieomsorgskoeffisienten no på 9,3 og vil ut frå SSB si befolkningsframskriving falle til 4,3 i 2040[6].

Herøy vil som dei fleste andre kommunar møte utfordringar knytt til rekruttering av kvalifisert personell. Samtidig som det kan bli mangel på kvalifisert personell må kommunen være førebudd på å møte nye og spesialiserte oppgåver. Teknologisk

[6] Meld. St. 15 (2017-2018) s. 42-43 – Leve hele livet

utvikling, ny forsking og stadig nye behandlingstilbod vil stille nye krav til utøving av tenesta.

Auka krav til brukarmedverknad, krav til dokumentasjon, rettsikkerheit og krav til likebehandling vil krevje at kommunen har ein profesjonell og kompetent tildelingspraksis.

Heilskapelege, koordinerte tenester og tverrfaglege tenestetilbod vil krevje godt organiserte tenester med rett kompetanse på rett stad til rett tid.

Helse og omsorgstenesta vil legge til rette for at innbyggjarane skal kunne ta ansvar for eige liv og få støtte til eiga meistring der folk bur. Det må satsast på førebygging og kvardagsmeistring og leggast til rette for godt samarbeid med pårørande. Sosiale nettverk, frivillige og tilrettelegging for aktivitet blir viktig for å møte dei demografiske utfordringane.

Herøy nyttar ein stor del av sitt budsjett på helse- og omsorgstenester. Kommunen har tradisjonelt nytta ein større del av midlane på institusjonsbaserte tenester enn på heimetenester.

Dette må justerast for å kunne styrke arbeidet med heildøgnsomsorg og møte befolkninga sitt ønske om å få bu heime i eigen bustad lengst mogleg. Dagens utvikling går i retning av at sjukeheimane i større grad driv behandling og at heimebuande i større grad får avansert pleie og omsorg i eigen heim. Det er også behov for å nytte ein større del av ressursane til førebyggjande verksemd og aktivitet i alle deler av tenesta. Dette krev at dei tilsette har kompetanse om, og kan nytte teknologiske løysingar som understøtter dette.

For å skaffe og behalde rett kompetanse må helse- og omsorgstenesta satse på heiltidskultur, og kontinuerlig arbeide for å redusere fråvær. Tverrfaglig samarbeid, heilskapleg tenking og eit godt læringsmiljø er grunnleggande for å kunne møte framtidige utfordringar i tenesta. Leiarskap med strategisk kompetanse og endringskompetanse må utviklast vidare for å lykkast med å gi innbyggjarane dei rette tenestene med god kvalitet i framtida.

2.4 Framtidas omsorgstenester- bruk av velferdsteknologi i Herøy kommune

I følge IS-2557 (Andre gevinstrealiseringsrapport med anbefalingar)[7] vil auka kunnskap, auka kvalitetskrav, knappheit på helsepersonell og fleire innbyggarar med behov for hjelp, medføre at kommunen må tenkje nytt når det gjeld tenestetilbodet i helse og omsorgssektoren.

Utvikling av velferdsteknologi er eit av tiltaka for å møte framtida sine behov.

Det er sterke nasjonale initiativ for å fremme bruken av velferdsteknologi i kommunane. Desse har bakgrunn i NOU 2011:11 «Innovasjon i omsorg», Meld. St.29 «Morgendagens omsorg» og «Fagrapport om implementering av velferdsteknologi i de kommunale helse- og omsorgstjenestene 2013-2030». Velferdsteknologi er eit strategisk konsept for å sikre gode tenester. Ein del av

[7] https://helsedirektoratet.no/publikasjoner/gevinstrealiseringsrapporter-nasjonalt-velferdsteknologiprogram

løysningane er no prøvd ut, og Helsedirektoratet rår til at kommunane tek desse i bruk. Velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet innan 2020, også i Herøy.

Målsetting med bruk av velferdsteknologi
• Tryggleik og meistring for innbyggjerane
• Auka kvalitet i tenestene
• Effektive arbeidsprosessar

Det handlar om korleis teknologi kan støtte opp under innbyggjaren og dei pårørande si sjølvstende og meistringsevne. Ved å nytte teknologien på rett måte, kan menneskelege ressursar bli frigjort. Samtidig kan både tryggleik, omfang av oppfølging, kvalitet og sjølvråderett auke ved at ny teknologi vert teken i bruk.

Det velferdsteknologiske området er i sin spede start, og det er venta kraftig innovasjonsutvikling på området. For å bidra til at det vert utvikla teknologi kommunane og innbyggarane treng, må kommunane aktivt bidra ved å kartlegge og definere behov. Velferdsteknologi kan vere vanskeleg å budsjettere, og kommunane må være villige til å ta del i innovative anskaffingsprosessar som bidreg til at det vert utvikla teknologi som kommunane vil trenge for å løyse framtida sine velferdsoppgåver.

I følgje IS-2557 er det nokre føresetnader som må vere på plass, for at vi skal kunne lukkast med implementering av velferdsteknologi. Den første føresetnaden er ei endring i tankesett om kva kommunale helse- og omsorgstenester er og skal vere. Det har tradisjonelt vore praksis, og kanskje ein forventning frå både innbyggarar og tenesta, at auka behov for bistand frå kommunen vil føre til ein plass på institusjon. Dette er kostbart og er ikkje ein bærekraftig praksis for helse- og omsorgssektoren. Dei fleste ønskjer å bu lengst mogleg i eigen heim. Helsedirektoratet, ved Nasjonalt program for velferdsteknologi, oppfordrar kommunane til å vurdere teknologi som ei naturleg løysing for å få dette til.

Herøy kommune er på god veg. Mange av våre innbyggjarar har digitale tryggleiksalarmar i heimen sin, og i institusjonane våre er det digitale signalanlegg. Der det er behov for det, er det satt inn ulik sensorteknologi.

Vidare er Herøy med i ei interkommunal velferdsteknologigruppe saman med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Denne gruppa har fått nasjonal støtte og er med i eit nasjonalt velferdsteknologiprosjekt via Helsedirektoratet.

Døme på ulike velferdsteknologiske løysningar som er utvikla i dag;

Tryggleiksskapande omsorg
Tryggleiksalarmar og bruk av GPS for rørslefriheit. Ulike sensorar for varsling av; fall, bevegelse, branntilløp, vasslekkasjar, kamerakommunikasjon mm.

Meistring i kvardagen
Smarte hjelpemiddel for eigenmålingar ved kroniske sjukdommar, oppfølging og påminning, t.d. når medisin skal tas og i kva omfang.

Utredning og behandling
Avstandsoppfølging ved telemedisinske løysningar, sensorar for eigenmålingar og sjølvrapportering, t.d. Sleppe lange og krevjande reiser, snakke via skjerm med fastlegen, sjukepleiar og andre hjelparar.

Velværeteknologiar
Her vil typiske hjelpemidlar vere; treningsprogram, robotar (plenklippar, støvsugar, dusjar), og løysningar for sosial kontakt.

Velferdsteknologi vil ofte vere i skjeringspunktet mellom privat og kommunalt ansvar. Ein del av arbeidet med å innføre teknologi vil være å fortløpande vurdere kva kommunen skal ha ansvar for.

Korleis lukkast vi?
I kommuneplanen sin samfunnsdel står det at kommunen skal vere innovative ved å ta i bruk ny teknologi innan helse og omsorgssektoren. Herøy kommune vil lukkast med implementering ved å gje tilsette kunnskap om velferdsteknologi. Får å få til dette må vi gi gjennomføre eit opplæringsprogram for alle tilsette. Vi må samarbeide aktivt med andre kommunar og private aktørar (leverandørar) om å utvikle relevant velferdsteknologi. Vi må nytte prosjekt til å teste ut og vurdere aktuelle velferdsteknologiske løysningar. Det vi skal investere i må vere berekraftig på sikt. Vi må sørgje for å ha informasjon om moglege teknologiske løysningar lett tilgjengeleg for innbyggarane. Alle som søkjer om helse- og omsorgstenester skal bli kartlagt og vurdert for velferdsteknologiske tiltak, og det skal gjennomførast tverrfagleg samarbeid om velferdsteknologiske løysningar innanfor ulike tenesteområdar.

2.5 Digital samhandling gjennom helseplattform
Eit nytt tiltak for å møte framtida sine utfordringar er journalsystemet Helseplattforma. Verktøyet vil gi innbyggjarane i Midt-Noreg ei meir samanhengande helseteneste ved at spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta nyttar likt fagprogram.

God helse vert skapt i kvardagen til kvar og ein av oss. Digitale hjelpemiddel vil gi innbyggjarane rom for å ta aktiv del i eiga behandling. I staden for å reise til sjukehuset kan ein ved hjelp av ny teknologi få oppfølging via fastlegen og digitale konsultasjonar mellom ulike nivå i hjelpeapparatet. Helsetenestene er organisert rundt pasienten og Helseplattforma bidreg til saumlaus kommunikasjon og lett tilgang til medisinsk informasjon i sanntid. Denne nye måten å handtere og analysere store datamengder gir vidare grunnlag for medisinske framsteg gjennom forsking og innovasjon.

Slik sett er verktøyet ikkje berre eit nytt journalsystem, men også ei organisasjonsutvikling som ser til at resursane vert nytta mest mogleg effektivt.

Journalsystema vi har i dag på mange måtar helsepersonellet sitt system, mens helseplattforma blir pasienten sin journal. Ein eigen innbyggjarportal i plattforma gjer det mogleg for pasienten sjølv å legge inn opplysningar om eiga helse, og hit vil alle testresultat og diagnosar kome.

Helseplattforma vil såleis også vere ein viktig faktor i målsettinga til samhandlingsreforma – koordinerte og heilskapelege tenester for pasientane.

Helseplattforma vil truleg gjere sitt inntog i Herøy i 2022/2023.

2.6 Scenario- eit mogleg Herøysamfunn i 2027

I høve planarbeidet er det gjennomført framtidsverkstad med brei deltaking frå politisk nivå, brukarorganisasjonar, medarbeidarar og leiarar. Arbeidsgrupper i tenestene har også gjennom sitt arbeid med planen skildra eit ønska framtidsbilete.

For å møte dette bilete av framtida er det nødvendig å endre tenestetilbod og praksis. Dersom helse- og omsorgssektoren lukkast med satsingsområda og tiltaka i planen, vil resultatet kunne bli som skildra under:

- Dei fleste kan bu heime i eigen bustad så lenge dei ønskjer
- Standarden på bustadar er oppgradert og fleire bur i eigen bustad med universell utforming
- Det blir bygd felles bustadar/kollektiv og seniorbustadar som gir meir tryggleik, sosialt fellesskap, støtte og hjelp
- Innbyggjarane i Herøy får forutsigbare og likeverdige tilbod. Rettsikkerheit og brukarmedverknad er ivaretatt
- Varierte aktivitetar, tenester og kulturtilbod er knytt saman i same bygg
- Tenestene er samlokalisert og det er *ei* dør inn til tenestetilbodet. Samarbeidet mellom tenester og profesjon er effektivt og brukaren står alltid i sentrum
- Fleire mestrar eige liv og færre har behov for omfattande og ressurskrevjande tenester.
- Nyttig velferdsteknologi er tatt i bruk på alle trinn i *meistringspyramida*.
- Det er fleire aktørar inne i heimane enn i dei tradisjonelle heimetenestene
- Det frivillige blomstrar. Ungdom, lag og foreiningar er engasjert i miljøskapande arbeid
- Frivillig arbeid er organisert og inkludert i tenestene. Det er oppretta møteplassar for frivillige og det er attraktivt å vere frivillig. Frivillige blir sett og verdsatt
- Dugnadsånda er levende i by og bygd
- Det er opne dagsenter for dei som treng det. Det er aktivitetstilbod for alle brukargrupper.
- Førebygging og meistring er hovudmål i helse og omsorgstenesta
- Det er attraktivt å arbeide i helse og omsorg. Helse- og omsorgsarbeid vert framsnakka av dei som arbeidar i tenesta
- Ungdom er motivert for å bli i Herøy etter utdanning og fleire vil utdanne seg til helse- og ungdomsarbeid
- Tilsette i helse og omsorg har heile stillingar. Det er rett kompetanse på rett stad til rett tid
- Det er fleire lærlingplassar og det er gode læringsvilkår for studentar, lærlingar og andre medarbeidarar
- Det er godt å være ung i Herøy. Oppvekstmiljøet er trygt, godt og utviklande
- Det er lagt til rette for mangfald av aktivitetar og ungdom har mange ulike møteplasser
- Det er rom for å være annleis. Dei som fell utanfor og treng hjelp, får hjelp
- Mangfald, fargerikt fellesskap og rausheit pregar Herøysamfunnet

Satsingsområda og tiltaka knytt til desse skal bidra til at vi nærmar oss framtidsbiletet.

3. Visjon og mål


Herøy- ei båtlengd føre, er Herøy kommune sin visjon. Visjonen seier noko om at vi skal vere framtidsretta og liggje i forkant av utviklinga, men ikkje alltid vere i fremste rekke på alle tenesteområde. Kommunen skal gjere bevisste val på kvar vi skal vere i forkant, og kvar andre kan drage utviklinga vidare. Der vi vel å vere i forkant, skal vi sette oss høge ambisjonar.

Herøy kommune har som eit av sine mål i kommuneplanen sin samfunnsdel, at kommunen skal levere tenester med god kvalitet til alle sine innbyggjarar. Kjerneverdiane til Herøy kommune ***respekt, tillit, samhandling*** skal bygge opp under dette.

For helse og omsorg inneber det at:

- når du som innbyggjar opplever helseutfordringar, skal du få tilbod om tverrfaglege tenester, slik at utviklinga snur eller vert redusert tidleg.
- vi skal legg til rette for at du som innbyggjar kan ta ansvar for eige liv, ut frå dine føresetnader.
- vi skal spørje deg om kva som er viktig for deg.
- vi skal bygge på dine ressursar, og saman med deg legge til rette for at du med naudsynte tiltak, kan føle tryggleik og meistring i eige liv.

Herøy kommune bygg tildeling av tenester på BEON-prinsippet. Det inneberer tildeling av tenester etter beste effektive omsorgsnivå. Vi skal syte for at innbyggjarar får kvalitativt gode tenester innan ei fagleg og økonomisk berekraftig ramme. Det føreset at alle tek ansvar for eigen situasjon så langt det er mogleg. Vi skal vurdere bruk av teknologiske løysingar på alle meistringsnivå, før vi sett inn andre tiltak. Meistringspyramiden skal visualisere dette.



4. Seks satsingsområde

Som vi allereie har nemnd er kompetanse, rekruttering, teknologi, organisering og brukarmedverknad viktige verkemiddel om vi skal lukkast i Herøy. Innovasjon og kontinuerleg nytenking vil vere avgjerande for å sikre kvalitet og bærekraft i tenestene også i framtida.

Vi har satt ned seks satsingsområde, som skal vere gjennomgåande for alt vi gjer i helse og omsorg. Desse satsingane skal hjelpe oss å tenke nytt, i alle delar av vårt virke. Som innbyggjar vil du oppleve, at vi legg opp til at du skal vere ein aktiv deltakar i eige liv, sjølv om du treng hjelp av oss.

Brukarmedverknad

Aktivitet og frivilligheit

Førebygging

Meistring

Kunnskap og kompetanse i tenesta

Heilskap

4.1 Brukarmedverknad

Kva vi legg i brukarmedverknad:
Helsedirektoratet viser til at brukarmedverknad er ein lovfesta rett, og tenesteapparatet kan såleis ikkje velje å forhalde seg til det eller ikkje. Brukarar har rett til å medverke, og tenesta har plikt til å involvere brukarar i undersøkingar,

behandling og val av tenestetilbod. Brukarmedverknad er eit verkemiddel på fleire nivå. Blant anna kan brukarmedverknad bidra til å treffe betre når det gjeld utforming og gjennomføring av både generelle og individuelle tilbod.

Brukarmedverknad har i tillegg ein eigenverdi i at menneske som søkjer hjelp, på linje med andre, gjerne vil styre over viktige delar av livet sitt, vil ta i mot hjelp på eigne premissar, og bli sett og respektert i kraft av sin grunnleggande eigenverdi. Dersom brukaren kan påverke omgjevnadane gjennom eigne ressursar og eigne val, vil det igjen kunne påverke sjølvbilete på ein positiv måte og dermed styrke motivasjonen til brukaren. Betringsprosessen kan såleis bli påverka på ein positiv måte og ha ein terapeutisk effekt. I motsett tilfelle kan den hjelpeløysa mange brukarar opplever, bli forsterka.

For å kunne møte utfordringane i framtida, vil det vere viktig å organisere helse og omsorgstenestene på ein måte som utløyser og støttar opp under ressursane til både brukarar, pårørande, born som pårørande, sosialt nettverk, og i nærmiljøet elles. Helsedirektoratet viser til at det viktigaste i møtet mellom bruker og hjelper er god kommunikasjon. Dette fordrar at begge er opne og lydhøre for kvarandre. Om ein av oss er usikker på noko, er det betre å spørje enn å anta at den andre har oppfatta eller forstått det vi snakkar om. Der er betre å stille eit spørsmål for mykje enn eit for lite. Vi må sette av nok tid til å ta opp det som er viktig for at hjelpa skal bli best mogleg. Hjelpar har fagkunnskap - brukar kjenner problema på kroppen, og veit mest om sine eigne vanskar. Kanskje må vi begge tenke nytt for å få til et likeverdig samarbeid? Brukarerfaring og fagkunnskap må være likeverdige grunnpilarar både i kommunane og i spesialisthelsetenesta.

Når brukarar treng hjelp til å meistre kvardagen er det nokre få, men viktige moment å hugse på for at hjelpar og brukar saman skal kunne finne fram til den beste hjelp og støtte brukaren treng. Desse momenta inkluderer:

- å bli teken på alvor
- å bli behandla med respekt
- å oppleve tillit og tryggheit
- å få hjelp når behovet er der

Dette er i tråd med Herøy kommune sine kjerneverdiar: **respekt, tillit, samhandling**

Herøy kommune vil:

- ✓ Utvikle tenestene i lag med pasientar, brukarar og deira pårørande. Gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod, vil du som innbyggjar få større påverknad på eigen kvardag.

4.2 Aktivitet og frivilligheit

Kva vi legg i aktivitet og frivilligheit:
Folkehelselova § 4 fastslår at kommunane har eit ansvar for folkehelsearbeid og for at kommunen samarbeider med frivillig sektor. Kommunane bør legge til rette for frivillig sektor og utvikle en eigen frivillig-politikk. Eit godt samarbeid mellom offentlig sektor og sivilsamfunnet er sentralt for ein god samfunnsutvikling.

I seinare tid har det kome ei rekke stortingsmeldingar som sett fokus aktivitet og frivilligheit, mellom anna er St. meld 15 (2017-2018) «Leve hele livet» ei reform for aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap. Målet er å ta vare på eldre sitt forhold til familie, venner og sosialt nettverk og skape gode opplevingar og møteplassar på tvers av generasjonar. Fysisk, sosial og kulturell aktivitet skal være tilpassa den einskilde sine interesser, ønsker og behov. Vi veit at mange med demenssjukdom opplever isolasjon og einsemd.[8] Ein ville hatt større muligheit til å vere meir aktiv og sjølvhjelpt om samfunnet hadde vore betre tilrettelagt. I åra som kjem vil stadig fleire få demens, og det vil bli eit behov for å legge betre til rette, slik at personar med demens lettare kan fortsette å delta i lokalmiljøet.

Når livet blir ekstra sårbart, skal dei eldre få muligheit til samtale, motivasjon og støtte. Slik skal det bli mogleg for eldre å leve livet – heile livet. Som vist til i befolkingsframskrivinga i Herøy blir mange fleire eldre, og kommunen bør legge til rette slik at eldre kan bu sentralt der kultur og aktivitetstilboda er. Eldre som ressurs må vektleggast. Det må vere lagt til rette for at eldre kan vere ressurspersonar i ulike aktiviteter og frivillig arbeid.

Vel så viktig er St. meld 45 (2012–2013) *Frihet og likeverd.* Den politiske målsettinga med den er å legge til rette for at alle, uansett funksjonsnivå, skal kunne delta på lik line i ulike fritidsaktiviteter. Menneske med utviklingshemming skal ha eit kultur- og fritidstilbod som er likeverdig med tilbodet til befolkninga elles. Det skal så langt som mogleg giast eit integrert tilbod, men særlig tilrettelagte tilbod kan i nokre tilfelle vere aktuelt for å imøtekomme variasjon i ønskjer og behov. Brukarundersøkingar i Herøy viser at vi treng betre tilbod til menneske med utviklingshemming. Dei peikar på einsemd, når dei ikkje har eit tilbod å gå til i kvardagen. Skal vi bidra til livskvalitet og livsglede for alle, må vi styrke dette tilbodet.

Forsking peikar på at frivillig arbeid i helse- og omsorgssektoren stimulerast når:
- kommunen samarbeidar med dei frivillige, koordinerer tiltaka og legg til rette med kontor og møteplassar.
- personane som deltek fungerer godt saman, både eldsjelene og kontaktpersonane. Det er lett å ta kontakt med kvarandre.
- dei frivillige opplever glede og god respons på arbeidet.
- det fins ein god porsjon lokalpatriotisme.

[8] https://nasjonalforeningen.no/tilbud/demensvennlig-samfunn/

Kommunen skal også stille krav om aktivitet for sosialhjelpsmottakarar under 30 år. Sosialtenesteloven (§ 20 a) regulerer plikta til å stille vilkår om aktivitet og muligheit til å stille andre vilkår for tildeling av økonomisk stønad for sosialtenestemottakarar under 30 år. Formålet med aktivitetsplikt er å styrke sosialhjelpsmottakarens muligheit for overgang til arbeid, utdanning eller bli sjølvforsørgja på annen måte enn ved økonomisk stønad. Når det vert stilt vilkår, skal det bidra til å motivere og påverke mottakarane av sosialhjelp til å kome seg ut av en vanskelig livssituasjon. Det er særlig viktig at unge kjem raskt ut i aktivitet som kan hjelpe dei ut av ein passiv situasjon.

I Herøy ser vi behov for nye aktivitets- og meistringstilbod for ulike deler av befolkninga, som til dømes kurstilbod, foredrag, lågterskelrådgivning, turgrupper og klubbar for å stette dei ulike behova. Val av arena er viktig og tilboda bør vere i nærområde der dei bur.

Herøy kommune vil:

- ✓ Gjere det lett for deg som innbyggjar å vere aktiv i kvardagen.
- ✓ Bli eit demensvenleg samfunn.

4.3 Førebygging

Kva vi legg i førebygging

I Herøy kommune vil vi levere forsvarlege helse og omsorgstenester som er samskapte og bærekraftige. Gjennom å forhindre at skade oppstår, avgrense skadeomfang og hindre følgjetilstandar fremmer tenestene god folkehelse. Slik leggast det til rette for at kvar einskild innbyggjar, som har eller står i fare for å få innskrenka funksjonsevne, kan leve eit mest mogleg sjølvstendig og aktivt liv.

Førebygging er ein fellesnemnar for tiltak på mange samfunnsområder – enten det gjeld å avverje ulykker, minske risiko for helseskader, hindre utstøyting frå arbeidslivet, senke førekomsten av kriminalitet eller gje støtte til eit barn som står i fare for å komme skeivt ut.

I sektor for helse og omsorg er alle tiltak som fremmer god helse førebyggande.

- Primærførebyggande er tiltak som settast inn for å forhindre at eit problem, ein skade eller sjukdom oppstår.
- Sekundærførebyggande er tiltak som settast inn for å avgrense varigheit av eit problem, ein skade eller sjukdom som har oppstått.
- Tertiærforebyggande er tiltak som settast inn for å hindre eller avgrense følgetilstandar av eit problem, ein skade eller sjukdom.

Herøy kommune vil:

- ✓ Førebyggje meir gjennom tidleg innsats

4.4 Meistring

Kva vi legg i meistring
Omgrepet livsmeistring handlar om å forstå og ha moglegheit til å påverke avgjerande faktorar for meistring av eige liv. Høg livskvalitet føreset ein god balanse mellom dei krava omgjevnadane stiller og dei føresetnadane enkeltmennesket har.

Tenestene i Herøy kommune skal innrettast på ein slik måte, at det bidreg til auka livskvalitet for innbyggjaren. Det er eit mål å støtte innbyggjaren sine evner og moglegheiter for å meistre kvardagen. Difor er tidleg innsats i alle tenester, gjennom heile livsløpet, viktig for både deg som innbyggjar og oss som kommune.

Habilitering og rehabiliteringsarbeidet og fokuset på kvardagsmeistring, skal fremje deltaking og inkludering i kvardagslivet, både i busituasjon, utdanning, arbeid og aktivitet.

Herøy kommune vil:

- ✓ Kommunen si rolle skal vere å legge til rette for at du som innbyggjar skal meistre din eigen kvardag, slik at du kan leve eit aktivt og godt liv i fellesskap med andre

4.5 Kunnskap og kompetanse i tenesta

Kva vi legg i kunnskap og kompetanse:
Kunnskap blir henta frå forsking, arbeidserfaring, og av brukarane sine erfaringar. Kompetanse er samla kunnskap, evner og haldningar som gjer det mogleg å utføre aktuelle funksjonar og oppgåver, i tråd med definerte krav og mål. I møte med brukarane er kompetanse ein vesentleg faktor for å oppnå tillit.

Omsorgstenester er ikkje berre eldreomsorg, men dekkjer heile livsløpet. Samfunnsoppdraget til kommunane er i stadig endring grunna utviklinga i samfunnet elles. Befolkninga si samansetting og sjukdomsmønster er i endring, samstundes som det skjer ei forskyving av oppgåver mellom dei ulike helsenivåa. Dette, saman med nye politiske føringar og fagleg og teknologisk utvikling, stiller strenge krav til kommunen si framtidige kompetanse i tenestene. Gjennom nasjonale føringar ligg ei forventing om at kommunane i åra framover skal ta i vare ein større del av dei samla oppgåvene. I framtida vil arbeidsplassane truleg også vere meir kompetanseintensive.

Ein ser også nasjonalt eit stort rekrutteringsbehov, på grunn av generasjonsskifte i helse- og omsorgstenestene. Ei oversikt over alderssamansetninga i Herøy viser at det gjelder også vår kommune. Ei befolkningsframskriving for Herøy kommune 2017-2040, viser at tal eldre vil auke i åra som kjem. Skal vi gi tenester på same måte og med same kvalitet som i dag, må 60-70% av alle nyutdanna eller dei som flyttar til Norge, arbeide i helse- og sosialsektoren. For å imøtekomme denne befolkningsveksten, må vi tenke nytt i utforming av tenestetilbodet – i form av innovasjon i tenesteytinga og bruk av velferdsteknologiske løysingar. Tilbod om heile stillingar vil vere viktig for å rekruttere kompetanse til våre tenester.

Der vi ikkje kan gi gode og forsvarlege tenester i eigen regi, må vi samarbeide med andre, gjennom forpliktande samarbeid,

Herøy kommune vil:

- ✓ Vere nytenkande i vidareutvikling av forsvarlege tenestetilbod og fagleg kvalitet i tenesta

4.6 Heilskap

Kva vi legg i heilskap:
Heilskap er deler som høyrer saman, eller eit system. Med eit heilskapleg menneskesyn tenker ein at menneske har fysisk, psykisk, sosial og åndeleg dimensjon og at det er ei eining.

I Herøy skal vi legge til rette for samhandling mellom tenester slik at du som innbyggjar opplever å få eit heilskapleg tilbod. Innbyggjarar med behov for mange tenester treng ofte hjelp frå ulike aktørar. Kommunen må då skape samhandling på tvers av nivå slik at ein kan ivareta innbyggjaren sine mål og behov. Det er ynskjeleg at du som innbyggjar opplever tenestene som tilgjengelege, trygge, heilskapleg og koordinerte. For å lukkast med dette, er vi med i læringsnettverk om gode og heilskaplege pasientforløp. Nøkkelen er kontinuerleg og systematisk forbetringsarbeid.

Helsepersonell har tradisjonelt fokusert på «kva er i vegen med deg?» For framtida ønskjer vi i staden å vite «kva er viktig for deg?» og ha denne brukarmedverknaden som utgangspunkt for tenestetilbodet.

Det er ynskjeleg å samskape tenestetilbodet og sjå heile menneske gjennom heile livet, frå vogge til grav.

Herøy kommune vil:

- ✓ Ha ein sektor for helse- og omsorgsteneste som legg til rette for aktiv deltaking frå deg som innbyggar, og gje heilskapelege tenester av god fagleg kvalitet.

5. Handlingsplan for perioden 2019 – 2022

Satsingsområde: Brukarmedverknad		Finansiering					
Målsetting: **Utvikle tenestene i lag med pasientar, brukarar og deira pårørande. Gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod, vil du som innbyggjar få større påverknad på eigen kvardag**							
Strategiar	**Tiltak**	**Ressurs-behov.** *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	**Frist**	**2019**	**2020**	**2021**	**2022**
Legge til rette for auka brukar- og pårørande-involvering	Bruke «Kva er viktig for deg» som metode for å oppnå brukarmedverknad	*	Kontinuerleg				
	Etablere brukarutval	*	01.01.2020				
	Etablere betre rutinar på system- og individnivå for systematisk inn-henting og bruk av erfaringar frå brukarar og pårørande, herunder born som pårørande	*	01.01.2020				
Digitalisering og velferdsteknologi skal takast i bruk for å styrke innbyggjardialog og medverknad, og for å modernisere tenestetilbodet i takt med utviklinga i samfunnet	Opprette og bruke referansegrupper i befolkninga, for tilbakemelding og utvikling av teneste og kvalitet, i helse og omsorg	*	01.01.2021				
	Nytte digitale nettløysingar til å gjere innbyggjarane til aktive aktørar	*	01.01.2021				
Auke tilsette sin kompetanse på brukarmedverknad, og til å gi informasjon, råd og rettleiing i tenesteyting	Brukarmedverknad som tema på fagdag/personalmøte	*	Kontinuerleg				

Satsingsområde: Aktivitet og frivilligheit	Finansiering

Satsingsområde: Aktivitet og frivilligheit		Finansiering					
Målsetting: **Gjere det lett for deg som innbyggjar å vere aktiv i kvardagen**							
Strategiar	**Tiltak**	**Ressurs-behov.** *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	**Frist**	**2019**	**2020**	**2021**	**2022**
Legge til rette for auka aktivitet og frivilligheit	Styrke og formalisere samarbeidet med frivilligsentralen, for koordinering av frivillig innsats	*	31.12.2019				
	Tilsette ein samfunnskontakt, som vert eit bindeledd og koordinator mot nærmiljø , familie, frivilligheit og lokalsamfunn	1,0 årsverk	01.01.2021			750	750
	Skape gode og tilfredsstillande arenaer og møteplassar for å drive frivillig arbeid, der ein føler seg velkomen	*	Kontinuerleg				
	Legge til rette for aktivitet (aktivitetsplikt) slik at ungdom og unge vaksne kjem ut av ein passiv situasjon, og ut i aktivitet og arbeid	*	Kontinuerleg				
	Kartlegge ressursar hos innbyggjarar som har behov for aktivitet, og legge til rette for ulike aktivitetar både i eigen regi og i samarbeid med frivillige	*	01.06.2021				
	Bidra til språktrening for nye landsmenn gjennom frivilligheitsarbeid/ arbeidstrening	*	Kontinuerleg				
Bidra til å skape eit godt omdøme for frivilligheita	Fokus på frivilligheit i i helse og omsorg i sosiale mediar. Lage ein film om temaet	*	01.06.2020				
	Oppsøkande verksemd for rekruttering av frivillige til helse og omsorg	*	Kontinuerleg				
	Informasjon skjema/ nyheitsbrev/ informasjonsskriv	*	31.12.2019				

Satsingsområde: Aktivitet og frivilligheit		Finansiering					
	om frivilligheit i helse og omsorg						
	Gjere transporttenesta FRAM Flexx betre kjend for mottakarar av helse og omsorgstenester	*	**01.08.2019**				
	Markere frivilligheiten sin dag i helse og omsorg	*	**Kvart år**				

Målsetting: **Bli eit demensvenleg samfunn**							
Ta initiativ til at Herøy kommune skal bli eit demensvenleg samfunn	Opprette kontakt med Nasjonalforeningen for folkehelsen	*	**01.06.2020**				

Satsingsområde: Førebygging		Finansiering					
Målsetting: **Førebyggje meir gjennom tidleg innsats**							
Strategiar	**Tiltak**	**Ressurs-behov.** *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	**Frist**	**2019**	**2020**	**2021**	**2022**
Fokusere på oppsøking, opplæring og oppfølging for å legge til rette for at innbyggjarane i Herøy tek ansvar for eiga helse.	Innføre kvardagsrehabilitering/ kvardagsmeistringsteam	**1,8 Årsverk**	**01.01.2019**	**300**	**960**	**960**	**960**
	Bygge kultur for kvardagsmeistring	*	**Kontinuerleg**				
	Gje hjelp på lågast mogleg trinn i meistringspyramiden, gjennom god tildelingspraksis	*	**Kontinuerleg**				
	Utvikle/vidareutvikle lågterskeltilbod for å endre levevaner som kan føre til sjukdom og plager (døme, sterk og stødig, frisklivssentral)	*	**01.01.2021**				
	Innføre førebyggjande heimebesøk med informasjon om kva aktivitetar som er i	*	**01.01.2021**				

Satsingsområde: Førebygging		Finansiering					
	kommunen, kva kan du bidra med?						
Tidleg og forsterka innsats for å gje barn ein god start i livet, for at barn og unge får reiskap til å meistre kvardagen	Fast samtale med helsesjukepleiar i skulen	**1,0 Årsverk**	**01.01.2020**	**0**	**750**	**750**	**750**
	Opprette psykologstilling med fokus på barn og unge	**1,0 Årsverk**	**01.01.2019**	**684**	**684**	**1084**	**1084**
	Vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet for barn og unge, særleg dei tverrfaglege teama i skular og barnehagar	*	**Kontinuerleg**				
	Tidleg involvering og langsiktig planlegging for barn og unge med spesielle behov	*	**Kontinuerleg**				
	Involvere nettverksressursar, som kan bidra til å styrke den einskilde innbyggjar sin meistringsevne	*	**Kontinuerleg**				
	Rehabilitere og utvide det kommunale avlastingstilbodet for barn	**Investering**	**31.12.2020**	**X**	**X**		
Ha spesiell fokus på inkludering av flyktningar og innvandrarar med minoritetsbakgrunn	Tett samarbeid mellom sektorar i kommunen og NAV, i arbeidet med inkludering	*	**Kontinuerleg**				

Satsingsområde: Meistring		Finansiering					
Målsetting: **Kommunen si rolle skal vere å legge til rette for at du som innbyggjar skal meistre din eigen kvardag, slik at du kan leve eit aktivt og godt liv i fellesskap med andre**							
Strategiar	**Tiltak**	**Ressurs-behov.** *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	**Frist**	**2019**	**2020**	**2021**	**2022**
Tidleg innsats for å avdekke behov	Gi barn og unge meistringsstrategiar i forhold til psykisk helse	*	**Kontinuerleg**				
	Utarbeide plan mot vald i nære relasjonar	*	**01.08.2020**				

Satsingsområde: Meistring		Finansiering					
Trygge innbyggjarane på at dei får naudsynte og individuelt tilpassa tenester	Innføre og implementere heilskaplege pasientforløp i helse og omsorg	*	31.12.2019				
	Vurdere og nytte velferdsteknologiske løysingar for å skape meistring og tryggleik, før ein vurderar andre tiltak	*	Kontinuerleg				
	Auka bruk av digitale kanalar til folkeopplysning, til dømes gjennom oppdatert heimeside og filmar	*	Kontinuerleg				
	Utbygging og renovering av institusjonskjøkkenet ved Herøy omsorgssenter, for å sikre god mat og riktig ernæring til fleire innbyggjarar i kommunen.	Investering	01.01.2021		X		
	Godt og aktivt samarbeid med folkehelsekoordinatoren	*	Kontinuerleg				
	Utvikle habilitering og rehabiliteringsplan som temaplan til kommunedelplanen	*	01.08.2019				

Satsingsområde: Kunnskap og kompetanse		Finansiering					
Målsetting: **Vere nytenkande i vidareutvikling av forsvarlege tenestetilbod og fagleg kvalitet i tenesta**							
Strategiar	**Tiltak**	**Ressurs-behov.** *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	**Frist**	**2019**	**2020**	**2021**	**2022**
Satse på kompetanse og sterke fagmiljø	Samlokalisering av ulike fagmiljø som kan bidra til auka kunnskap, tverrsamarbeid og heilskap i tenesta	Kan føre til investering	Kontinuerleg				
	Skape naturlege møteplassar for ulike faggrupper	*	Kontinuerleg				

Satsingsområde: Kunnskap og kompetanse		Finansiering					
	Sørge for systematisk opplæring av alle nytilsette	*	Kontinuerleg				
	Bygge heiltidskultur	*	Kontinuerleg				
	Gi støtte til vidareutdanning innan psykisk helse	Satsing i planperiode	I planperioden				
	Gi støtte til vidareutdanning innan geriatri	Satsing i planperiode	I planperioden				
	Gi støtte til vidareutdanning innan rehabilitering	Satsing i planperiode	I planperioden				
Ha rett kompetanse på rett plass	Bruke sosiale media som kanal både for å nå ut med informasjon, rettleie, ansvarleggjere og rekruttere heile døgnet	*	Kontinuerleg				
Ha godt omdømme når det gjeld å rekruttere og behalde og utvikle fagkompetanse	Overordna strategisk kompetanse- og rekrutteringsplan for heile HO	*	01.06.2020				
Dimensjonere dei ulike tenestene i forhold til behov og nye føringar både i eigen regi og i samarbeid med andre	Vidare utgreiing av legevaktsamarbeid	*/Kostnader frå 2020	31.12.2019		X	X	X
	Iverksette og få på plass vertskommunesamarbeidet med kring barnevern og NAV.	*	30.08.2019				
	Vurdere interkommunalt samarbeid der fagmiljøa er små og sårbare. Styrke fagmiljø og ressurseffektivitet	*	Kontinuerleg				
Nytte nye digitale løysingar for betre ressursutnytting, betre kommunikasjon og sikrare informasjonsutveksling	Søkje aktivt utviklingsprosjekt, ny teknologi og kunnskapsbasert forsking	*	Kontinuerleg				
	Vere open for å ta i bruk nye løysingar for å utvikle tenestene som gjev oss gevinst i tenesteytinga	*	Kontinuerleg				
	Digitalisering og velferdsteknologi skal takast i bruk for å styrke og modernisere tenestetilbodet i takt med utviklinga i samfunnet, slik at velferdsteknologi skal være en integrert del av tjenestetilbudet i omsorgstjenestene innen 2020	*	Kontinuerleg				

Satsingsområde: Kunnskap og kompetanse		Finansiering					
Skape kultur for tenesteinnovasjon og utvikling	Dra nytte av statlege satsingsområder og prøve ut nye arbeidsmetodar som til dømes å følgje opp reformen «Leve hele livet»	*	Kontinuerleg				
	Gi kunnskap om og opplæring i bruk av ny teknologi	*	Kontinuerleg				

Satsingsområde: Heilskap		Finansiering					
Målsetting: **Ha ei helse- og omsorgsteneste som legg til rette for aktiv deltaking frå deg som innbyggar, og gje heilskapelege tenester av god fagleg kvalitet**							
Strategiar	**Tiltak**	**Ressurs-behov.** *Innanfor eller utanfor vedtatt ramme	**Frist**	**2019**	**2020**	**2021**	**2022**
Bygge heilskapleg kultur i samhandling med andre sektorar i kommunen	Bygge relasjonskompetanse gjennom kompetanseheving, og leiarutviklingsprogram	*	Kontinuerleg				
	Vidareutvikle sektorovergripande samarbeid.	*	Kontinuerleg				
	Samhandle godt i plan og utviklingsarbeid.	*	Kontinuerleg				
For å møte den demografiske utviklinga, herunder auken av eldre innbyggjarar skal vi bygge fleire omsorgsbustadar og styrke heimebasert omsorg	Vi skal bygge 20 fleire omsorgsbustadar, knytt til sentrale kommunikasjonssenter med handel, kultur og servicetilbod	Investering og drift	31.12.2022			X	X
	Rehabilitering av raud/grøn avdeling før omheimling av institusjonsplassar til bukollektiv og vurdere spesialisering av gjenståande institusjonsplassar	Investering	31.12.2021	X	X	X	
Ha tidleg innsats og legge til rette for at innbyggjarane i Herøy skal kunne meistre eigen kvardag, og bu sjølvstendig så lenge som råd i eigen bustad	Bygge og samlokalisere aktivitetstilbod til menneske med ulike behov for å auke sysselsetting og meiningsfulle aktivitetar, som fører til auka oppleving av meistring. (Herøy ressurssenter) Aktivitetstilbodet bør vere lokalisert sentralt.	Investering	01.01.2023			X	X

Satsingsområde: Heilskap		Finansiering					
	Utvide kapasiteten på dagsenter til menneske med demenssjukdom, gjennom å legge til rette på omsorgssenteret i Myrvåg	**Investering og drift**	**01.01.2022**				**X**
	Gi god og tydeleg informasjon til dei som treng ekstra informasjon	*	**Kontinuerleg**				

Styrke og differensiere tilbodet innanfor psykisk helse og rus	Bygge 4 ROP bustadar med areal tilpassa bemanning, knytt til sentrale kommunikasjonssenter	**Investering og drift**	**31.12.2021**	**X**	**X**	**X**	
	Bygge 2 nye hardbruksbustadar	**Investering**	**31.12.2019**	**X**			
	Utvikle samarbeidet med spesialisthelsetenesta	*	**Kontinuerleg**				
	Revidere ruspolitisk handlingsplan	*	**01.06.2020**				
Sikre at innbyggjarane opplever trygge og samordna tenester ved å styrke samarbeid og samhandling internt og eksternt med andre samfunnsaktørar	Arbeide kontinuerleg med kvalitet og tryggleik (døme kvalitetssystem)	*	**Kontinuerleg**				
	Utarbeide kvalitetsstandard for helse og omsorgstenester	*	**31.12.2019**				
	Utarbeide ein Eldreplan	*	**01.08.2020**				
	Medverke aktivt i utviklinga av Helseplattformen	**Investering**	**Kontinuerleg**				
	Vurdere å utarbeide ein Legeplan	*	**31.12.2021**				
	Vidareutvikle rolla til koordinerande eining og gjere den kjent for innbyggjarane	*	**01.06.2019**				
	Digital samhandling med interne og eksterne samarbeidspartnerar	**Investering**	**Kontinuerleg**				
	Meir tverrfagleg samarbeid knytt til førebygging og behandling	*	**Kontinuerleg**				
Styrke fokuset på livsmestring, og tiltak som bygg opp under dette.	Møte innbyggjaren med omtanke og respekt, og ha fokus på mestring og heilskap i dei ulike overgangane i livet	*	**Kontinuerleg**				
	Gjennomføre mestrings- og læringskurs	*	**01.01.2021**				

	Gjennomføre foreldrekurs	*	**01.01.2020**				
	Betre informasjon til innbyggjarane – Den enkelte har eit ansvar for eige liv og kan gjere grep sjølve for å for eksempel planlegge alderdommen	*	**01.01.2020**				

Kommunalsjefen si leiargruppa har ansvar for at handlingsplanen vert fylgt opp gjennom årsplanar og budsjettarbeid, i samarbeid med sine tilsette og andre samarbeidspartar.

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Bu- og habiliteringsavdelinga

Frå: Eldrerådet

Saksnr	Arkivkode	Dato
2017/1545	141	22.01.2019

UTTALE FRÅ ELDRERÅDET - KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG

Ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan det synest som eldreomsorga ikkje er berekraftig korkje økonomisk eller personellmessig slik den vert driven i dag.

Det er difor positivt at ein no har kome så langt med ny kommunedelplan for helse og omsorg at den er på høyring. Eldrerådet er glad for at psykisk helse er påpeika som ei av hovudutfordringane. Utfordringane innan demensomsorga kunne vore meir omtalt innleiingsvis i planen.
Elles ønskjer Eldrerådet at planen inneheld meir konkrete tal knytt til kva den demografiske utviklinga framover vil kunne få av betydning for mellom anne institusjonsplassar og personellmessige ressursar.
Brukarmedverknad er viktig og Eldrerådet er glad det no skal oppnemnast brukarutval, og at ernæring og mat er sett fokus på.
Eldrerådet ønskjer at prosjektet sterk og stødig vert teke med i handlingsdelen.
Eldrerådet vonar at planen blir ein «levande» plan, der handlingsplanen vert fulgt opp, og at det også vert utarbeidd ein eigen eldreplan og frivilligplan.

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE

NOTAT

Til: Bu- og habiliteringsavdelinga

Frå: Dokumentsenter og politisk sekretariat

Saksnr	Arkivkode	Dato
2017/1545	141	28.01.2019

UTTALE FRÅ RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kom i møte 17.01.2019 med slik uttale til Kommunedelplan for helse og omsorg – utlegging til offentleg ettersyn:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne håper at planen vert følgd opp som skissert, og at råda vert inkludert der medverknad skal vere ein del av arbeidet.
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at kvaliteten i helse- og omsorgstenesta vert ivareteken i prosessarbeid for alle delane av tenesta, også for dei med størst tenestebehov.
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne etterlyser litt tiltak ifht. behovet for avlastning for barn som ikkje er nemnt i planen.

ei båtlengd føre

Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato: 06.01.2019
Vår ref: 2018/92
Dykkar dato: 13.12.2018
Dykkar ref: 2017/1545

HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Kommunedelplan for helse og omsorg
Offentleg ettersyn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn
Med *Helse og omsorgsplan 2019 – 2027* har Herøy kommune utarbeidd utkast til ein heilskapleg og koordinert kommunedelplan for dei samla helse- og omsorgstenestene i kommunen. Kommuneplanens samfunnsdel, saman med kommunal planstrategi for perioden 2016 – 2020, vil gi viktige rammer og føringar for planarbeidet. Koplingar til andre kommunale delplanar og/eller temaplanar vil også vere viktig.

Planen skal føre til at kommunen kan utvikle gode og heilskaplege helse- og omsorgstenester på tvers av fagområde og i samarbeid med pasientar/brukarar. Planen har status som kommunedelplan og har ein tverrfagleg og strategisk profil, med helse og omsorg i brei forstand som eit gjennomgåande perspektiv. Planen vil vidare omfatte ein eigen handlingsdel for perioden 2019 – 2022 med prioriterte tiltak.

I samband med melding om planoppstart og høyring av planprogram kom Fylkesmannen i sitt høyringsbrev av 13.02.2018 med nærare kommentarar og merknader til fleire punkt i planen. På nokre område kan det her vere behov for vidare oppfølging og konkretisering.

Vi etterlyser ei tydelegare kopling og forankring til lokale rammer og føringar – jf. kommunale planar og styringsdokument; særleg vil kommuneplanens samfunnsdel her vere sentral. Dette vil også kunne opne for ei breiare tilnærming i lys av både kommunen som organisasjon og kommunen som samfunn. Med eit utvida samfunns- og levekårsperspektiv vil planen i større grad også kunne fungere som eit overordna styringsverktøy til andre temaplanar brukt i helse- og omsorgssektoren. Dette vil m.a. kunne omfatte ulike typar førebyggande tiltak med kopling også til arealbruk og fysisk infrastrukturmiljø, samt kvalitetar knytt til gode og trygge oppvekst- og

nærmiljø. Tema som barn og unge, folkehelse, universell utforming, integrering m.v. vil her kunne trekkast inn.

Helse og omsorg m.m.
Når det gjeld kommentarar spesialt retta mot områda *Barn og unge*, *Folkehelse, Universell utforming og Helse, omsorg og sosial* viser vi til høyringssvar som blei gitt til oppstartsbrev i februar 2018.

Herøy har valt å lage ein heilskapleg plan for alle områda innan helse og omsorgstenestene i kommunen. I innleiinga vert det vist til at nye utfordringar krev nye tenkemåtar. I lys av dette er det eit godt grep å utarbeide ein heilskapleg plan for helse og omsorg. Samtidig er det ei utfordrande oppgåve å lage ein stor og brei handlingsplan for dei største og tyngste tenesteområda i kommunen. Slik vi les planen synes vi det er vanskeleg å finne igjen breidda i tenestene frå vogge til grav. Helsestasjon og skolehelseteneste er mellom anne ikkje nemnde, Vi ser heller ikkje igjen tenester til funksjonshemma, rus/psykisk helse. I høyringssvar på planprogrammet frå februar 2018 viste vi til NAV som ein viktig velferdsaktør. Dei er heller ikkje ein del av planen sjølv om dei organisatorisk ligg under helse og omsorgstenestene i kommunen.

I høve til folkehelselova § 5 skal kommunane legge til grunn oversiktsarbeid i sine kommunale delplanar. Vi finn ikkje at det vert vist til slik kunnskap. Når det i planen blir vist til utviklingstrekk er dette i stor grad knytt til utfordringar innan eldreomsorg. Vi saknar eit fokus på utfordringar innan fleire område til dømes barn og unge, rus/psykisk helse, innbyggarar med minoritetsbakgrunn. Når det gjeld bakgrunnsinformasjon knytt til barn og unge her Herøy gjennomført *UngData-undersøking* i 2017.

Kommunen har valt seks innsatsområde som skal vere gjennomgåande for tenestene. Det gjer det lettare å lage ein handlingsplan som alle innan helse og omsorgstenestene kan finne seg igjen i. Det er mange gode intensjonar som er presentert her, men vi meiner kommunen vil tene på å utarbeide en meir konkret handlingsplan. Med meir konkrete og detaljerte tiltak vil endring og forbetringsarbeid bli lettare å følge opp og evaluere.

Kommuneøkonomi
Herøy kommune skal ha ros for at kommunedelplanen for helse og omsorg blir sett i samanheng med kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Som den største sektoren i kommunen sin tenesteproduksjon, er det viktig at dette blir tydeleggjort i den vidare planprosessen og i arbeidet med handlingsdelen for å få eit realistisk heilheitsbilde.

Vi viser elles her til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar T-1492 *Kommuneplanprosessen* kap. 7 for meir utfyllande merknader rundt samanhengen mellom kommunens plan- og økonomisystem, jf.
https://www.regjeringen.no/contentassets/493007ab4f9349a295a34982f77173ec/t-1492.pdf

Konklusjon
Med utkast til ein samla helse- og omsorgsplan for Herøy kommune er det lagt eit nyttig grunnlag for å sikre eit meir heilskapleg grep knytt til oppgåver og tenestetilbod på helse- og omsorgsområdet. I det vidare arbeidet med implementering og vidare gjennomføring av strategiar og tiltak knytt til dei ulike tenesteområda er det viktig at planen blir tilpassa situasjonen og utfordringsbildet som kommunen i dag står overfor. Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag i form av statistikk, kartleggingar og analysar på viktige samfunnsområde vil her vere eit viktig utgangspunkt. Ei tett kopling til

kommuneplanens samfunnsdel og til andre lokale plan- og styringsdokument vil vere ein viktig føresetnad for gi planen eit tverrfagleg, heilskapleg og strategisk perspektiv.

Vi viser til våre merknader og kommentarar ovanfor. Vi minner også om vår høyringsfråsegn i samband med planoppstart og høyring av planprogrammet. Fleire av dei momenta vi spelte inn her vil kunne gi rom for vidare oppfølging og presisering. Fylkesmannen vil elles kunne vere ein viktig dialog- og samarbeidspart i det vidare arbeidet knytt til utforming og gjennomføring av strategiar og tiltak.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Kari Bjørnøy

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar
Helse, omsorg og sosial, Barn og unge, Folkehelse,:
Anne Mette Nerbøberg fmmranne@fylkesmannen.no tlf 7125 8528

Kommuneøkonomi:
Sissel Hol, sissel.hol@fylkesmannen.no tlf. 7125 8449

Kopi
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund
NVE - Region Midt-Norge, Vestre Rosten 81, 7075 Tiller
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde
Mattilsynet, Postboks 383, 2381 Brumunddal

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	13.12.2018	133572/2018/KOMMUNEPLAN/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	14.02.2019

-

Herøy kommune - kommunedelplan - helse og omsorg - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader
Vi viser til vårt fråsegn ved varsle om oppstart og høyring av planprogram, datert 12.01.2018. Det er vist til fleire nasjonale føringar i kommunedelplanen som ligg til offentleg ettersyn, men vi saknar framleis ein referanse til regionale planar, det vil og være naudsynt og knytte denne planen til eiga samfunnsdel i kommunen.

KONKLUSJON

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Referatsaker

RS 12/19 Planforslag til avgrensa høyring/offentleg ettersyn: Reguleringsendring for Bergshaugen nord, gnr. 28, bnr. 6 m. fl.
Planforslag til avgrensa høyring/offentleg ettersyn: Reguleringsendring for Bergshaugen nord, gnr. 28, bnr. 6 m. fl. 28.03.2019 00:00:00 Camilla Lovise Storøy

HERØY KOMMUNE

Camilla Lovise Storøy

Elsebøvegen 9
6091 Fosnavåg

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2017/1531	L12		UTV / ERLEVIK	28.03.2019

PLANFORSLAG TIL AVGRENSA HØYRING/OFFENTLEG ETTERSYN: REGULERINGSENDRING FOR BERGSHAUGEN NORD, GNR. 28, BNR. 6 M. FL.

Vedlagt følgjer planforslag til reguleringsendring for Bergshaugen nord (gnr. 28, bnr. 6 m. fl.) for ei avgrensa høyring til følgjande råd og utval:

- Barnerepresentanten v/Camilla Storøy
- Ungdomsrådet
- Eldrerådet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Komite for oppvekst
- Maritim og teknisk komite
- Komite for næring, kultur og oppvekst
- Komite for helse og omsorg

Planforslaget inneheld følgjande saksdokument: Plankart, planføresegner og planomtale.

Om de har innspel i saka, ber vi om at desse vert sende skriftleg til ***Herøy kommune, utviklingsavdelinga, Pb 274, 6099 Fosnavåg*** eller pr. e-post til postmottak@heroy.kommune.no **innan 16. mai 2019.**

Med helsing

Ole Magne Rotevatn
Avdelingsleiar

Erlend Sporstøl Vikestrand
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Reguleringsføresegner – reguleringsendring av områdereguleringsplan for indre Bergsøy

Reguleringsendring for Bergshaugen Nord, gnr. 28, bnr. 6 m. fl.

§ 1 – Avgrensing av planområdet
Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Eigedomar dette gjeld er delar av gnr. 26, bnr. 6 og delar av gnr. 30, bnr. 105. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - Andre bestemmelsar
Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner. Desse føresegner er juridisk bindande saman med plankartet datert 28.02.2019.

§ 3 - Privatrettslege avtalar
Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL. § 12 – 5, nr.1)
- Bustader - konsentrerte småhus (KS16)
- Leikeplass (LP1)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)
- Køyreveg (V)
- Gang- og sykkelveg (GS)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal

§ 5 – FELLESFØRESEGNER
a. Reguleringsendringa fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegar takast inn i planen som følgje av situasjonsplan i byggesak.

b. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

c. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

d. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.

e. Innafor byggeområdet kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittståande bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området. Det skal plasserast brannkum innanfor planområdet. Plassering av denne skal synast i situasjonsplan.

f. For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er Lden=55 dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda. Viser elles til desse føresegnene sine § 15 vedkomande rekkjefølgje.

§ 6 – SITUASJONSPLAN, PBL § 12-3

Ved byggesøknad for KS- området skal det utarbeidast ein samla situasjonsplan. Situasjonsplan skal godkjennast av kommunen før utbygging kan skje, jf. også rekkjefølgjekrava i desse føresegnene sin § 10. Planane skal utarbeidast i henhald til Miljøverndepartementets retningsliner og skal fastlegge arealbruk, bygge- og fellesområde og høgder. Som prinsipp for utbygging av konsentrerte småhusområde skal livsløpsstandard/universell utforming leggast til grunn. Universell utforming skal også leggast til grunn for utforming leikeplassar, jf. TEK.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

På situasjonsplan skal plassering av overbygd parkering (garasje og/eller carport (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.
Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
• KS - område: minimum BYA 25 % og maksimum BYA 40 %.

Dersom garasje og/eller carport ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m^2 pr. bilplass.

Som minste opphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan KS-området skal det setjast av min. 15 m^2 eigna areal for leik per bueining. Arealet skal gå fram av situasjonsplan. Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m^2.

2. Bustader – konsentrerte småhus
a. I område KS16 kan det byggjast totalt (12) bueiningar der plassering av desse skal skje innanfor byggegrensen som vist på plankartet. Plassering utover dette skal avklarast i byggjesak. KS16 skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

b. I område KS16 skal bustadhus ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m.

I område KS16 skal garasjar/ carportar ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Plassering av garasjar/ carport skal synast i situasjonsplan i byggesak. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

c. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette slik at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

3. Leikeplass
Området merka LP1 er felles for tilgrensande tomter innanfor området. Leikeplassen skal ved utbygging setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald. Leikearealet skal utførast som rekreasjons- og leikeområde. Prinsippa om universell utforming skal så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassen heilt eller delvis kan nyttast av alle.

Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikeplassen skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikeplassutstyr.
Leikeplassen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring og moglegheit for læring og meistring.

Nærleikeplass (felles) skal etablerast jf. plasseringa i planen (plankart), der minst 250m2 av arealet skal settast av til leik. Leikeplassen skal opparbeidast og møblerast med minst tre leikeaparat, benk og noko fast dekke. På nærleikeplassen skal leik for barn i alderen 1-7 år prioriterast.

§ 8 Uteareal tilhøyrande byggjeareal
a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.

b. Ein skal i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

c. Evt. utelagring kan berre tillatast dersom funksjonane vert skjerma av vegetasjon, gjerde eller overdekkande bygning. Dette må vurderast i kvar enkelt sak og ut i frå funksjon og omfang. Skjermingstiltak skal godkjennast av kommunen.

d. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget.

e. Ved evt. trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon e. l. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.

f. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen. Det skal vere plassert brannkum med god tilkomst for utrykkingskøyretøy.

g. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

h. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisiktlinjer.

§ 9 - SAMF.ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)
I offentlege trafikkområde skal det byggjast:
- køyreveg med tilhøyrande areal
- gang-/sykkelveg med tilhøyrande areal
- annan veggrunn - tekniske anlegg
- annan veggrunn - grøntareal

Følgjande vegar er vist som felles vegar (f_V): V19.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. kap. 16. Vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følgje av nærare detaljprosjektering. I vegareal og gangvegareal kan det leggjast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkablar.

§ 10 – REKKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)
a. Det vert vist til føresegnene § 7 vedrørande område med krav om situajonsplan. Før frådeling og utbygging kan finne stad innan dei nemnde områda skal kommunen ha godkjent situasjonsplan for området.

b. Felles nærleikeplass skal vere ferdig opparbeidd og møblert jf. § 7.2 i desse føresegnene før bruksløyve for første bueining vert gjeve.

28.02.2019

N

KS16
3.38 daa
%-BYA=40%

f_LP1
Leik 0.39 daa

5.0

R=10.0

f_V19

Bergshaugen

Bergshbakken

Eldar Lillerovde
Detaljregulering Bergshaugen nord 28/6

Dato	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk	
14.03.2018	Azt	Azt	1:500	Eldar Lillerovde

0 5m 10m 15m 20m

Plankart ME
Mindre endring PBL § 12-14
Revidert 28.02.2019

Erstatning for:	Erstattet av:
	902

Henvisning:	Beregning:	
		B. Tarberg AS

PLANOMTALE REGULERINGSENDRING BERGSHAUGEN NORD (GNR. 28, BNR. 6 M. FL).

«Områdereguleringsplan for indre Bergsøy (plan ID 201247 - reguleringsendring av føresegner og plankart knytt til område FS11 og f_V19 – plan- og bygningsloven (PBL) § 12-14»

REGULERINGSENDRING AV OMRÅDEREGULERINGSPLAN PBL § 12-14

Planarbeid, planprosess og vurdering i høve konsekvensutgreiing (KU)


Det har tidlegare vore søkt om oppstart av privat planarbeid med sikte på utviding av området FS11 til å omfatte LNF-formål og omdisponering av dette til bustadformål. I F-sak 14/18 gav formannskapet avslaget på søknad om oppstart.

Grunneigar ynskjer i staden å sjå på moglegheitene for ei anna utnytting av området FS11 i gjeldande områdereguleringsplan. I tillegg til dette ynskjer grunneigar avklaringar på ein del spørsmål som vedkjem infrastruktur, grunnerverv og offentlege interesser i området.

Den omsøkte endringa (konsentrert utnytting) er ikkje i samsvar med formål som allereie eksisterer i dagens områdereguleringsplan (frittståande bebyggelse). Planendringa vil gjerast innanfor rammene til avsett byggeområde i gjeldande reguleringsplan. Endringa vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og, ein vurderer det derfor til å ikkje vere krav om konsekvensutgreiing.

Planområdet, avgrensing og verknader utover planen
Endringa vil omfatte ei tekstendring av reguleringsføresegnene til gjeldande plan og ei endring av formål i plankart og føresegner frå frittliggande bustadformål til konsentrert bustadformål. Planområdet omfattar eigedomane gnr/bnr 28/6 (Lillerovde) og 30/105 (Storøy).

Planområdet er om lag 3.8 daa stort. Det er foreslått at det nye området blir KS-område (KS16). Endringa vil ikkje få særskilte verknader utover planen etter det vi er kjende med. Det er ingen vesentlege interesser som vert berørt av planinitiativet slik Som vi ser det.




Figur 1: Gjeldande plansituasjon (områdeplan for indre Bergsøy, plan ID 201247).


Figur 2: Flyfoto av eigedomar som inngår i planområdet

Bakgrunn

Forslagstiller har vore i kontakt med Utviklingsavdelinga i Herøy kommune v/sakshandsamar Ole Magne Rotevatn, der det tidlegare har vore drøfta å søkje om ei mindre endring av gjeldande reguleringsplan etter PBL § 12-14.


Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 13.12.2017 (sjølv om det ikkje er krav til dette etter PBL 12-14 for mindre endringar) og seinare førehandskonferanse i 2018. I desse møta blei det drøfta ei rekkje planfaglege problemstillingar, samt stilt eit par spørsmål rundt infrastruktur i området. Kommunen har uttrykt i møta at dei er positive til planane under visse føresetnader. Planforslaget vart handsama i F-sak 103/18, 29.05.2018. Planforslaget la til rette for etablering av fire firemannsbustader, parkering med carport/garasje samt leike- og uteopphaldsareal (figur 3).



Figur 3: Illustrasjonsplan frå planforslaget som låg til offentleg ettersyn sommaren 2018. Ein har gått bort frå dette forslaget, og redusert talet på bustadhus. Illustrasjonsplanen er teken ut, samstundes som at det går fram av føresegnene at maksimalt tal på bueiningar er 12 einingar (byggegrenser og BYA m.v. er skildra i føresegner og plankart).

Ved offentleg ettersyn av planforslaget kom det inn merknader frå naboar og bebuarar i nærområdet. Naboane meiner planforslaget legg opp til ei for høg utnytting av arealet, og ønskjer at det skal førast opp einmannsbustadar etter gjeldande plan.

Kommunen har omarbeidd planen etter offentleg ettersyn, og redusert talet på firemannsbustader til tre stk. Parkering (deriblant garasje/carport) er flytta lenger frå eigedomsgrensa til naboane og skaper dermed meir avstand mellom naboar og nye bygg. Det reviderte planforslaget reduserer samstundes noko av biltrafikken til området.



Figur 4: 3D illustrasjon (dagens situasjon) frå sørvest.



Figur 5: 3D illustrasjon (dagens situasjon) frå søraust.

Merknader ved offentleg ettersyn

Innspel	Kommentar
Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Har ingen spesielle merknader til planforslaget, men påpeikar at det er viktig at det vert sikra god/enkel tilkomst til turstien og friluftsområda kring planområdet	Dette er sikra gjennom områdeplan for indre Bergsøy. Her er det teikna inn tursti, samt ny parkeringsplass i tilknyting til turstien.

Møre og Romsdal Fylkeskommune: Har med utgangspunkt i situasjonsplanen (her meint illustrasjonsplanen) ikkje invendingar til endringane. Det er ei utfordring at illustrasjonsplanen ikkje er bindande. Føresett at kommunen sikrar at leikearealet har tilstrekkeleg storleik, kvalitet og sol.	I revidert planforslag for slutthandsaming er illustrasjonsplanen teke ut og erstatta med eit plankart som syner leikearealet. Det er ikkje krav til illustrasjonsplan. Arealet til leik og opphald tilfredsstill krava til storleik. Det er ikkje gjennomført sol-/skuggeanalyse då leikeplassen er sørvend og det er god avstand til byggningar i sør. Carport/garasje kan ta noko lys frå vestleg del av arealet.
Noregs- vassdrags og energidirektorat (NVE): Ingen merknadar til planforslaget.	
Bebuarar på bergshaugen v/ Fred Prytz: 1. Bebuarane i nærområdet ønskjer at kommunen står for tidlegare regulering av området (frittståande småhus) og ikkje regulerer til konsentrert utnytting. Her meiner bebuarane i nærområdet at den viktigaste årsaken er auka trafikkmengde, og meiner at vegen ikkje er dimensjonert for auka biltrafikk. Dei siktar vidare til at det manglar gang- og sykkelveg i området og at vegen er mykje brukt som skuleveg og turveg m. m. 2. Vidare syner dei til turstien som startar vest for planområdet, og meiner utbygginga vil råke ved kvaliteten til denne turstien. 3. Syner til at dei som har busett seg i nærleiken har gjort det med bakgrunn i at det har vore regulert til einebustadar i området. Her meiner bebuarane at det burde takast omsyn til dei som allereie er etablerte i området. Utbyggjar ønskjer i planforslaget å bygge garasje/ carport 1 meter frå tomtegrensa til næraste naboeigeomar. Dette meiner dei vil råke ved verdien til eksisterande tomter/hus.	1. Vegen (Bergslibakken) har per i dag ikkje samanhengande gang- og sykkelveg til planområdet. Det er regulert fortau til planområdet (områdeplan for indre Bergsøy) og det er sett i gang planområde lenger sør i Bergslibakken for å få eit samanhengande fortau. Reguleringsendringa medfører ei auka trafikkmengde i forhold til det ein kan forvente i gjeldande plan. 2. Turstien til Tverrfjellet er regulert i områdeplan for indre Bergsøy med ny parkeringsplass og startpunkt for stien. Dette vert ikkje endra i reguleringsendringa, men fleirmannsbustader kan syne att i landskapet på ein annan måte en enkeltbustader. 3. Kommunen er samd i at ein skal ta omsyn til nabobebyggelse, særleg når det gjeld reguleringsendringar. Ein foreslår no å ta bort illustrasjonsplanen og justere byggegrensene i plankartet. I tillegg er det sett maksimalt tal på bueiningar i føresegnene til 12 einingar. Dette gjer at ein får ei mindre utnytting og ein har også sikra leike- og uteopphaldsareal i plankart/føresegner.

4. Påpeiker vidare at mange tomter som er regulert til einmannsbustader, vert bygde som tomannsbustader. Her meiner dei Herøy kommune må ta eit standpunkt til korleis ein skal byggje ut slike bustadfelt. Bebuarane syner til at det har vore vanskeleg å få seld fleirmannsbustader i kommunen, og at det er behov for fleire einmannsbustader. Det vert stilt spørsmål ved at kommunen vil tillate bygging av fleirmannsbustader så langt vekk frå Fosnavåg sentrum.	4. Føresegnene i gjeldande plan (områdeplan for indre Bergsøy) legg til rette for to bueiningar i bygningar der det er regulert til frittståande småhusbebyggelse. Kommuneplanen sin arealdel § 2.13 seier at det bør leggjast vekt på sterk utnyttingsgrad og fortetting der det er mogleg i sentrumsnære område (Bergsøya, Kvalsund, Leine og Frøystad).
Følgjebrev (22.10.2018) frå Eldar Lillerovde (tiltakshavar) og Aleksander Z. Tarberg (B. Tarberg AS, konsulent): Følgjebrevet er sendt inn som kommentar/tilsvar til innkomne innspel i offentleg ettersyn. 1. Her meiner tiltakshavar/konsulent at forhold som gjeld trafikktryggleiken er forhold som ligg utanfor planen og planområdet. Her syner dei til kommunen si handsaming av klage på plan for Elsebøen og meiner saka må handsamas tut i frå likheitsprinsippet. Overordna trafikktryggleik i Bergslia er ei kommunal oppgåve. 2. Syner til bebuarane sitt innspel på planen si effekt på turstie. Her viser dei vidare til at løypa vil ligge ca. 20 meter frå byggegrensa og at dette må vere akseptabelt ettersom ein følgjer same byggegrense som i gjeldande plan. Syner vidare til positive effekter av utbygging med firemannsbustader.	1. Kommunen er i utgangspunktet samd i at forholdet til gangveg ligg utanfor reguleringsendringa. I klagesaken til detaljreguleringsplan for Elsebø er problemstillinga liknande som for denne planen. Det er regulert fortau til planområdet Bergshaugen nord, og kommunen har sett i gang reguleringsarbeid for å regulere samanhengande fortau langs heile Bergslibakken. 2. Syner her til kommentar til bebuarane i nærområdet, punkt 2. 3. Byggegrensene er vidareført frå gjeldande plan. Når det gjeld garasjer/ carport kan frittståande garasjer/carport plasserast inn til 1m frå eigedomsgrense. I ein reguleringsprosess er det opp til kommunen å regulere plassering. Etter innspel frå bebuarane i nærområdet meiner kommunen at samla garasje-/carport anlegg skal plasserast innanfor byggegrense på 4m. Når det gjeld skilnad mellom to- og firemannsbustad er kommunen ikkje samd i påstanden om at «skilnaden ikkje er så stor». Å

3. Syner til naboane sine protestar angåande byggjegrenser og syner til at desse er identiske med gjeldande plan. Plan- og bygningslova tillet bygging av garasjer av ein viss storleik inntil 1m frå nabogrensa. Syner til at det i gjeldande plan er opna for etablering av tomannsbustader og meiner endring frå to- til firemanns ikkje er så stor. Vidare syner dei til allereie godkjent område for fleirmannsbustader for KS9 (områdeplane for indre Bergsøy) og meiner at også denne planen må godkjennast ut i frå likebehandslingsprinsipp. 4. Tiltakshavar/konsulent avsluttar med at det er viktig med god arealutnytting i kommunen og syner til at fylkesmannen og fylkeskommunen er positive til planendringa.	samanlikne KS9 feltet med denne reguleringsendringa vert feil, då KS9 vart regulert gjennom områdeplan for indre Bergsøy. Planområdet som no vert regulert er regulert til FS (frittståande busetnad) i same plan. I ei reguleringsendring vert det gjort nye vurderingar og det vert feil å syne til prinsipp om likebehandling i denne samanhengen. Kommunen vel å delvis imøtekome merknadane frå bebuarane i nærområdet med å redusere utnyttinga, samt å endre plasseringa til garasje-/carportanlegg. Kommunen meiner ein her finn ei balansert løysing mellom tiltakshavar sine ønskje og merknadane frå naboane. 4. Kommunen er samd i at god arealutnytting er viktig, jf. føringane i kommuneplanen sin arealdel. Ein legg også til grunn at dei regionale instansane ikkje har kome med innspel på å regulere frå FS til KS (konsentrert utnytting).

Endring av reguleringsplan (PBL § 12-14)

Planlagt bebyggelse, utbyggingsvolum og byggjehøgder:


Følgjande endringar vert gjort frå områdeplan for indre Bergsøy:

- Endring av arealformål frå FS- område til KS-område (konsentrert bebyggelse frittliggande)
- Ny planlagt bebyggelse vil vere fleirmannsbustader inkl. carporter/garasjer og gjesteparkering.
- Plassering av nye bygningar i ein ny samla tunstruktur med felles utomhusareal og leikeplass i LP1.
- Endring av utnyttingsgrad i reguleringsplan til maksimalt BYA%= 40.
- Regulert felles privat veg 19 vert flytta nærare Bergshaugvegen og avgrensa til avkøyrsle. Nye mindre formål for anna veggrunn og gangveg vert teke inn i plan og plassert der vegen tidlegare låg.
- Nye byggegrenser 4 m parallelt med nye formålsgrenser. Mot offentleg veg i vest er byggegrensa sett til 5 m. Mot leikeplass er avstand 2 meter.

- Ny nærlikeplass på 390 m2 plassert på LP1 i byggeområdet, solrikt og i kombinasjon som felles uteområde for nye bueiningar..

Hovudtrekka i reguleringsendringa:


- Endring av arealformål i plankartet til KS16.
- Nye i føresegner for området KS16.
- Ny lokalisering av avkøyrsle til arealet.
- Ny LP1 leikeplass 0,39 daa.



Figur 6: Reguleringskart som syner regulering til KS område (KS16) og byggjegrenser.

Situasjonsplan ved byggesak vil vise:

- Plassering av bygg.
- Parkeringsdekning.
- Lokalisering av parkeringsplassar.
- Møblering av nærleikområde og uteopphaldsareal inkludert leikeapparat (MUA).
- Interne vegsystem og gangstiar



Figur 7: Plankart som viser ny plansituasjon i høve gjeldande plansituasjon kring planområdet. Her ser ein mellom anna at turløypa til Tverrfjellet er sikra gjennom eksisterande plan, og at det er regulert for ny parkering i tilknytning til denne.

Øvrig tema for byggesak og utbygging:

- Plan, snitt og fasadeteikningar av nye bygningar
- Perspektiv av nytt bygningar
- Situasjonsplan
- Lengde- og tverrprofil for tilkomstveg
- Horisontalplan med teksting av profilhøgder veg
- VA-plan for leidningar
- Kumtabell
- Kumskisser
- IN-plan for el og tele

Konsekvensar av reguleringsendringa

Forholdet til overordna planar og retningslinjer
Reguleringsendringa vil ikkje få større konsekvensar for området. Det vert vurdert til at ein tek omsyn til naboeigedomane i sør ved å legge til rette for å plassere nye bygg lengst mogleg nord på 28/6. Noko trafikkauke må påreknast, men her vil ein trekke fram at områdelanen legg til rette for ytterlegare utbygging med tilkomst til same veg (Bergslibakken) lenger nord (B52-feltet i kommuneplanen sin arealdel). Det vert lagt inn eit relativt stort uteopphaldsareal med leikeplass, noko som vurderast som positivt.

Sett i eit overordna perspektiv, vil planinitiativet vere i samsvar med kommunens overordna målsettingar om å styrke busetnaden på Bergsøya, noko som inneber ei fortetting. I kommuneplanens arealdel og samfunnsdelen til kommuneplanen blir det satsa på fleire bustader sentralt i kommunen. Denne reguleringsendringa er i samsvar med desse overordna målsettingane.

Tiltakets verknad på landskap og omgjevnader
Fleire bustader vil generere meir trafikk inn og ut av byggjeområdet. Detaljar rundt teknisk infrastruktur må ein kome attende til ved tekniske planar i byggesøknad i forkant av oppstart av utbygging. I samband med utbygging ønskjer forslagstiller ein dialog og avklaringar frå kommunen i høve bruk av offentleg infrastruktur.

Funksjonell og miljømessig kvalitet
Ei utbygging av KS16-området og tilkomstveg fram til byggjeområdet vil medføre inngrep i terrenget. Dette vil medføre skjeringar og fyllingar i samband med vegbygging, samt avdekking av vegetasjon og sprenging, planering og utfylling av byggjeområde, leikeplass og tilkomstveg.

Ved å avgrense KS-området med byggegrenser, vil ein kunne definere rom for bygningsplassering samstundes som ein også gir rom/fleksibilitet i planen høve plassering av nye bustader. Plassering av leikeplass mot etablert bebyggelse, kan medføre at ein oppnår ein «mjuk overgang» mellom ny og etablert bebyggelse på Bergshaugen. Garasjer eller carportar vil ha ei lågare byggjehøgde enn bustadane og vil bidra til å sleppe sollys og luft frå sør inn til området.

Felles leikeplass og uteopphaldsareal ligg godt plassert utanom biltrafikk og i kombinasjon med for eksempel gjennomgåande leilegheiter vil ein kunne skape eit kvalitativt godt bustadområde, der ein kan oppnå ein trygg og god leikeplass i tillegg til eit stort uteområde. Nye bustader kan med dette plangrepet oppnå ei utnytting på begge langsidene av fasadane i kombinasjon med altan/ terrasse. Ein kan då oppnå ei roleg, privat side med utsyn til natur og ei meir aktiv side med utsyn til felles opphaldsareal.

I forkant av vidare byggesak vil det bli jobba med å oppnå gode estetiske løysingar for det arkitektoniske uttrykket til både nytt bygg og uteområdet, slik at ein på best mogleg måte kan oppnå ei heilskapleg områdeoppfatning. Sentralt her vil vere samanhengen mellom bustader og uteområde, samt gode løysingar i høve parkering og tilkomst.

Samfunnstryggleik og risiko og sårbarheit (ROS)

Ingen særskilte.

Vedlegg:

1. Plankart revidert 28.02.2019
2. Føresegner revidert 28.02.2019.

B. Tarberg AS
v/Aleksander Tarberg,

28.02.2019

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato	Vår ref.
10.08.2018	2018/3260/KABJ/421.4
Dykkar dato	Dykkar ref.
06.06.2018	2017/1531

Herøy kommune, utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Herøy kommune
Reguleringsendring del av Bergshaugen nord gnr28 bnr6
Oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn
Planområdet ligg på Bergshaugen, i ytterkant av eksisterande bustadfelt. Endringa gjeld utnytting av området FS11 i gjeldande områdereguleringsplan, frå frittståande til konsentrerte bustader. Reguleringsgrensene for endringa omfattar FS11 i gjeldande plan, samt noko mindre areal vest for dette som omfattar areal til veg og gangveg

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Friluftsliv
Det går ein tursti innanfor planområdet. Det må sikrast at det framleis vil vere enkel tilkomst til friluftsområda og stinettet bakanfor planområdet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2017/1531	06.06.2018	69747/2018/REGULERINGSPLAN/1517	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	15.08.2018

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsendring for del av Bergshaugen Nord gbnr 28/6 - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader
Med utgangspunkt i situasjonsplanen synes endringane akseptable for vår del. Det kan vere ei utfordring at denne situasjonsplanen ikkje er bindande; det er eit krav til situasjonsplan. Vi har ikkje ettersett kva krav områdereguleringa stiller til situasjonsplan, med føreset at kommunen sikrar at leikearealet har tilstrekkeleg storleik, kvalitet og sol.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 26.06.2018
Vår ref.: 201835663-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 06.06.2018
Dykkar ref.: 2017/1531

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE si generelle fråsegn - Offentleg ettersyn - Reguleringsendring del av Bergshaugen nord - GBnr 28/6 - Bustadar - Herøy kommune

Viser til brev datert 06.06.2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL).

NVE prioriterer å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen», der vi ber kommunen om å skrive tydeleg i oversendingsbrevet kva ein eventuelt ynskjer hjelp til i den enkelte sak. I denne saka kan vi ikkje sjå at det er bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka.

For generell informasjon og rettleiing knytt til NVE sine saksområde syner vi til NVE sin rettleiar «2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområde i arealplanlegging», og anna rettleiingsmateriell på NVE sine nettsider www.nve.no/arealplan.

